

Møteinnkalling

Utval:	Utval for opplæring og helse
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
Dato:	14.03.2017
Tid:	10:00

Det blir med dette kalla inn til møte i Utval for opplæring og helse tysdag 14. januar 2017.

Til dette møte har Kine Bratli Dale meldt forfall. Torgeir Toppe stiller som vara.

Program

- Kl. 10:00 Sakshandsaming
- Kl. 11:30 Lunsj i kantina
- Kl. 12:00 Sakshandsaminga held fram

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Utval for opplæring og helse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Emil Lennart Pålikoff Gadolin
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 24/17	Godkjenning møteinnkalling og saksliste		
PS 25/17	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 26/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 10/17	Heilskapleg styring i opplæringssektoren	2017/1783	
RS 11/17	Melding om handsaming av uønskt åtferd i Hordaland fylkeskommune	2017/1887	
RS 12/17	Skulefrukost - bruk av midlar 2017	2015/5010	
RS 13/17	Undervisningsevaluering i Hordaland fylkeskommune	2016/300	
RS 14/17	Lærekandidatordninga - eingongstilskot 2017	2017/1548	
RS 15/17	International Newsletter 2/2016	2017/1056	
RS 16/17	Tilgang til digitale hjelpemiddel på skriftleg privatisteksamen	2017/1604	
RS 17/17	Melding om fráværregelen	2016/8400	
PS 27/17	Evaluering av alternativ Vg3 slutt opplæring i skule	2016/3268	
PS 28/17	Frist for innsending av lærekontrakt/opplæringskontrakt	2017/1553	
PS 29/17	Læretid i byggdriftarfaget etter fullført Vg2 Elenergi – unntaksordning for 2017	2017/1553	
PS 30/17	Disponering av investeringsmidlar i opplæringssektoren 2017	2017/1128	
PS 31/17	Obligatorisk introduksjonskurs for nye medlemsbedrifter i opplæringskontor	2017/1584	
PS 32/17	Politisk Skuleval 2017	2017/1202	
PS 33/17	Oppnemning av prøvenemnder	2017/1480	
PS 34/17	Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017	2015/9089	
PS 35/17	Ymse		

PS 24/17 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

PS 25/17 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 26/17 Referatsaker (meldingar)

NotatDato: 22.02.2017
Arkivsak: 2017/1783-1
Saksbehandlar: hilruns

Til:	Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Heilskapleg styring i opplæringssektoren

Bakgrunn

Fylkesrådmannen viser til verbalforslag nr 11 i budsjettvedtaket FT, 08. des. 2016, der fylkestinget ber om ei sak der ein skal prøve ut ulike modellar for heilskapleg styring:

Modellar for heilskapleg styring i skulen

Fylkestinget vil be om ei sak der ein skal prøve ut ulike modellar for heilskapleg styring. Prosjektet skal vurdere fullmaktsstrukturen lokalt og sentralt m.a. personal- og økonomifullmakter - herunder ordninga med fondsavsetning på den einskilde skule, kompetansebehov, samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar, kommunar og næringsliv. Fylkeskommunen skal søkja samarbeid med andre kompetanseverksemdar som kan medverka med erfaringsgrunnlag til innhald og gjennomføring av prosjekter.

Innleiingsvis i denne meldinga vert definisjon og forståingsramme for heilskapleg styring presentert som bakgrunn for organisering og styring i opplæringssektoren i Hordaland. Modellar for styring er forstått som styringssystem. Områda nemnde i verbalforslaget vert skissert ut frå styringsdimensjonane *økonomi, tenestekvalitet, organisasjonskvalitet og samfunnskvalitet*. Det vert peika på enkelte område der det vil vere behov for å utvikle styringssystem og verktøy vidare for å oppnå større grad av heilskapleg styring og meir føremålstenlege styringsverktøy enn det vi har i dag. Avslutningsvis skisserer meldinga kva område det vert arbeidd vidare med ut frå målsettinga om heilskapleg styring i opplæringssektoren, jf. verbalforslaget.

Heilskapleg styring og styringssystem

Styring kan definerast som dei aktivitetane ein organisasjon gjer for å setje mål, prioritere oppgåver, fordele ressursar og følgje opp produksjonen i høve til fastsette mål og resultatkrav. (Statsconsult 2002)

God styring krev at overordna mål vert operasjonalisert og konkretisert til mål, styringsparameter og aktivitetar på ulike organisatoriske nivå og einingar. Tydeleg definering av ansvar og mynde er avgjerande saman med gode styringsprosessar og god styringsinformasjon. Denne meldinga omhandlar heilskapleg styring i høve til utøving av sektormynde.

Eit heilskapleg styringssystem legg vekt på tydelegare mål- og resultatorientering i noko større grad enn den tradisjonelle budsjett- og tiltaksstyringa har vore prega av. Det har vorte stadig viktigare å målrette innsatsen og dokumentere resultat. Verktøy som synleggjer mål og resultat på ein heilskapleg måte, er

viktige saman med utvikling av resultatorientert leiing og kultur for læring og fornying. *System for verksemdbasert vurdering* er eit døme på eit system for Hordaland fylkeskommune for å følgje opp mål og resultat i høve hovudmålet om auka læring og fullføring, jf. styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet. Styringsdata utgjer ein del av kunnskapsgrunnlaget som inngår i arbeidet med utviklingsplan og tilstandsrapport. Kunnskaps- og databasert styringsdialog gir ein tydelegare diskusjon om kva som er det viktigaste ein skal oppnå, og eit betre grunnlag for dialog om kva som skaper resultat.

Heilskapleg styring byggjer på system for styringsdata med målbare mål og evaluering av resultat ved hjelp av styringsindikatorar på følgjande styringsdimensjonar:


- Økonomi
- Tenestekvalitet
- Organisasjonskvalitet
- Samfunnskvalitet

Innan desse styringsdimensjonane gjer meldinga kort greie for aktuelle styringssystem og verktøy innan opplæringssektoren, jf. s 4-6.

Styring og leiing

Styring er basert på politiske vedtak og kunnskapsgrunnlaget om utviklinga. Leiinga skal følgje opp vedtak og område som er viktige for å oppnå ønska resultat. Økonomistyring, verksemdsstrategi, overordna mål og strategiar, planverktøy og bruk av kompetanse er viktige verkemiddel for styring. Leiinga skal sikre samordning og samhandling internt mellom ulike seksjonar og regionar, noko som er vesentleg for heilskapleg styring i opplæringssektoren. Kunnskap om situasjonen og utviklinga ved skulane, resultatoppfølging og dialog med skuleleiinga er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for styring. Samstundes er samarbeidet på tvers mellom avdelingar viktig for å sikre konsistens i styringa. Gode målstrukturar, jf. Verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune 2016-2020, og budsjettprosessar er viktige verkemiddel for å sikre samordning. Styringsaktivitetar handlar om å fastsette mål, planlegge, budsjettere og rapportere. Analyse og vurdering/revurdering er også viktige styringsaktivitetar, t.d. for å utarbeide grunnlag for avgjerder administrativt eller politisk.

Leiinga skal som ein del av si styring ta stilling til utviklinga i sektoren og ressursutnyttinga. Betre ressursutnytting omhandlar både fagleg og ressursmessig styring av sektoren. Opplæringsavdelinga har ei leiing og ein organisasjonsstruktur som skal ivareta heilskap internt i avdelinga, overfor andre avdelingar i fylkesadministrasjonen, overfor politisk nivå og overfor skulane og fag- og yrkesopplæringa:



Leiinga har ansvar for heilskap, gode styringsprosessar og god styringsinformasjon, og definerte ansvarsområde og mynde/fullmakter, jf. fullmaktsreglementet. Med utgangspunkt i overordna mål og strategiar har leiinga ansvar for å prioritere og samordne aktivitetar og ressursar, koordinere fagområde og leggje til rette for samarbeid og samhandling mellom ulike kompetanseområde. Spesialundervisning, skulemiljø og det nye fráværreglementet er døme på område der det m.a. er nyttig med arbeidsgrupper samansett med pedagogisk, juridisk og økonomisk/administrativ kompetanse på tvers av seksjonar. Heilskapleg og tverrfagleg tilnærming til ulike område og oppgåver vil også bidra til heilskapleg styring.

Regionleiarane har ansvar for oppfølging av skulane innan alle ansvarsområda og samarbeider med m.a. seksjonane i opplæringsavdelinga og økonomi- og organisasjonsavdelinga / HR. Heilskapleg styring krev samarbeid mellom regionar for å ivareta felles prioritering og praksis i ulike regionar. Ein felles møte- og samarbeidsstruktur skal bidra til heilskapleg styring av opplæringssektoren og ein leiingskultur som føresetnad for tenleg heilskapleg styring.

Leiing, styring og verdjar

Leiarar nyttar både leiing og styring som verkemiddel, og ein kan seie at det eine ikkje er mogleg utan det andre. Eit prinsipielt skilje mellom styring og leiing er at styring er systemorientert og vert oftare kopla til formelle strukturar og formaliserte prosedyrar, medan leiing er personorientert. Leiing er knytt til verdjar og handlar meir om å etablere formål, relasjonar og dialogbasert påverknad, jf. leiarplattforma for Hordaland fylkeskommune bygd på verdiane kompetent, offensiv og i dialog. I vår tid er det forventningar til at leiarar i aukande grad skal leie utvikling og omstilling heller enn standardisering og stabilitet. Verdibasert, relasjons- og meistringsorientert leiing fungerer oftast best i kompetanseorganisasjonar. Når ein leiar vurderer styring eller leiing som verkemiddel i konkrete situasjonar, er konsekvensane av val av verkemiddel eit viktig omsyn.

Styringsformer

Opplæringssektoren nyttar ulike styringsformer til liks med andre organisasjonar. Styringsformer vert ofte brukt saman, og det kan vere overlapping mellom ulike styringsformer. Vi nemner her styringsformer som til vanleg vert nytta:

- Mål- og resultatstyring er å setje mål for kva verksemda skal oppnå, måle resultat og vurdere måloppnåing. Denne informasjonen vert nytta til styring, kontroll og læring for å utvikle og forbetre verksemda.

Mål uttrykkjer ønska tilstand eller ønska resultat. Overordna mål kan ikkje alltid brytast ned til målbare mål, og det er ikkje alltid føremålstenleg. Enkeltmålingar fangar sjeldan den kompleksiteten ein finn t.d. innan opplæringsverksemd, då det ikkje er enkle årsakssamanhengar. Kvantitative indikatorar må ofte supplerast med kvalitative evalueringar. Det er diskusjon om korleis ein kan utforme målstyring som er tilpassa opplæringsverksemd, og det er viktig å vere bevisst på utfordringar knytt til mål- og resultatstyring.

- Budsjettstyring er styring gjennom økonomi som verkemiddel med prioritering, ansvars- og resultatområde, aktivitetar og omfang av tiltak knytt til framtidig ressursinnsats.
- Regelstyring handlar om standardar. Opplæringssektoren er i stor grad styrt av lov, forskrift og avtaleverk, samt standardar og rettar. Regelstyring er ei styringsform m.a. for å oppnå likebehandling og likeverdig opplæringstilbod.
- Profesjonsstyring inneber at ein nyttar spesifikk kompetanse og arbeider i samsvar med faglege krav, normer og profesjonsetikk for å nå mål. Profesjonsstyring er aktuelt i ein kompetanseorganisasjon med kompleksitet bak faglege prioriteringar som t.d. innan opplæring.
- Kvalitetsstyring er ei styringsform for å oppfylle krav til innhald og kvalitet i tenester. Det er ei leiaroppgåve å forstå det faglege grunnlaget og kvalitetsomgrepet for tenester, og styringsaktivitetar som bidreg til å oppfylle krav til kvalitet.
- Aktivitets- og oppgåvestyring er å stille krav til kva aktivitet eller oppgåve som skal gjennomførast. Prosjekt kan sjåast som ein variant av aktivitetsstyring og inngå som ledd i kvalitets-utviklingsarbeid.

Skuleeigarskap

Føremålet med heilskapleg styring er å ha eit forsvareleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskrift til opplæringslova vert oppfylt, jf. Oppl. § 13-10. Hordaland fylkeskommune har eit kvalitetssystem, System for verksemdbasert vurdering, for å sikre vurdering etter Oppl § 13-10, følgje opp resultatata og bidra til kvalitetsutvikling vidare. Skuleeigarskap handlar om at fylkeskommunen aktivt bruker

eit heilskapleg kvalitetssystem til styring og leiing av kvalitetsutviklingsarbeidet på ein måte som skuleleiarar og medarbeidarar opplever som støttande.

Ansvar og roller

Politisk og administrativt skuleeigaransvar handlar om å utvikle skuleorganisasjonen, leiarane og medarbeidarane for å legge til rette for best mogleg opplæring for auka læringsutbytte og auka fullføring for elevane. Systemisk kvalitetsarbeid vil bidra til auka læringskapasitet. Heile skuleorganisasjonen – frå klasserom til fylkestingssalen – må samhandle systematisk i eit syklisk kvalitetsutviklingsarbeid for å betre resultat og måloppnåing. (KS 16.11.16)

- Fylkestinget har det øvste ansvaret for at lov og regelverk vert følgt opp.
- Fylkesrådmannen er den øvste administrative leiaren i fylkeskommunen og tek hand om ansvar etter lov, forskrift og rammer gitt av fylkestinget.
- Fylkesdirektør opplæring har ansvar for heilskapleg styring og kvalitetssystem på skuleeigarnivå.
- Rektor har ansvar for heilskapleg styring og kvalitetssystem på skulenivå.
- Yrkesopplæringsnemnda der partane i arbeidslivet er representert, er oppnemnd av fylkestinget som eit rådgjevande organ.
- Bedriftsleiar og opplæringskontor har ansvar for internkontrollsystemet for opplæring innan lærebedrifta.
- Lærarar, instruktørar og andre tilsette skal bidra til at verksemda i skule og bedrift/lærebedrift er i samsvar med krav.
- Elevar, lærlingar og lære kandidatlar har ansvar for å delta aktivt i opplæringa og følgje opp reglar og rutinar som gjeld.
- Foreldresamarbeid skal sikre god oppfølging av den faglege og sosiale utviklinga til elevar under 18 år.

Styringsdimensjonar og heilskapleg styring

I det følgjande vert eit enkelt bilde av status knytt til enkelte styringssystem innan og mellom dei ulike områda som er nemnde i verbalforslaget, skissert i stikkordsform. Aktuelle system og verktøy for å utvikle større grad av heilskapleg styring vert også nemnde innanfor dei viktigaste styringsdimensjonane økonomi, tenestekvalitet, organisasjonskvalitet og samfunnskvalitet.

Økonomi

Budsjett- eller økonomistyring er sentralt med tanke på målretta ressursinnsats og system for å ha kontroll med rammer og utvikling.

Styringssystem og styringsaktivitetar	System og verktøy til vidare utvikling
<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av skulane m.o.t. økonomistyring gjennom eigne møte • Økonomisamlingar med skulane • Rutinar for rapportering og tilbakemelding • Nytt økonomisystem innført (VISMA Enterprise) 	<ul style="list-style-type: none"> • Ny budsjettmodell • Nye retningslinjer for fond – avsetting og bruk • Nye retningslinjer for kurs- og oppdragsverksemd

Tenestekvalitet

Tenestekvalitet innan kjerneverksemda opplæring inneber eit breitt spekter av tenester og mange ulike målgrupper: Elevar, lærlingar, lære kandidatlar, ungdom utanfor vidaregåande opplæring, vaksne, privatistar, praksiskandidatar, studentar i fagskule.

Styringssystem og styringsaktivitetar	System og verktøy til vidare utvikling
<ul style="list-style-type: none"> • System for verksemdbasert vurdering med styringsdokument og tilstandsrapport. • Oppfølging og rettleiing av skulane. • Har verktøy for styringsdata og analyse. • Har brukarundersøkingar som 	<ul style="list-style-type: none"> • Utviklar mal for leiarsamtale mellom regionleiar og rektor. Samtalen skal i større grad omfatte ansvarsområda i ein heilskap. • Verktøy for styringsdata om overgang til lære og tilbod til elevar med spesielle behov.

<ul style="list-style-type: none"> elevundersøkinga og lærlingundersøkinga. System for å hente inn og analysere dokumentasjon. System for eigenevaluering av oppfylting av lovkrav 	<ul style="list-style-type: none"> System for heilskapleg vurdering for fag- og yrkesopplæringa.
---	---

Organisasjonskvalitet

Leiing og kompetanse er sentrale storleikar med omsyn til organisasjonskvalitet og det å utvikle ein lærande organisasjon. Leiarrolla er viktig i eit kompetanseperspektiv og kan vere avgjerande for utvikling av organisasjonskvalitet. Verdibasert og meistringorientert leiing bør liggje til grunn slik at leiarar gir retning (mål og rolleavklaring), meining (kvifor skal vi dit – motivasjon) og individuell merksemd og støtte til medarbeidarane. Endringsleiing må også ha stor vekt. Kompetanse vil ha best vilkår når strategiar og tiltak fungerer heilskapleg med samheng mellom oppdraget, leiarar, medarbeidarar og organisasjonen samla. Ein annan føresetnad er knytt til balanse mellom fagleg kompetanse, relevans og relasjonskompetanse, samt arbeidsmiljø og system- og rolleforståing.

Styringssystem og styringsaktivitetar	System og verktøy til vidare utvikling
<ul style="list-style-type: none"> System for verksemdbasert vurdering inneber at skuleeigar skal sjå til at skulane utviklar seg som lærande organisasjonar med system for å lære og forbetre (kvalitetshjul). Har system for leiarsamlingar med årshjul for skuleleiinga, rektorutdanning og tilbod om leiarutvikling i HFK. Har verdibasert leiarplattform i HFK. Har plan for kompetanseutvikling med m.a. kompetanse for kvalitet og yrkesfaglærarløftet Har verktøy for medarbeidarundersøking i HFK 	<ul style="list-style-type: none"> Vidare samarbeid om leiarutvikling og kompetanseutvikling internt i HFK og i samarbeid med eksterne kompetansemiljø Årlege planar for kompetanseutvikling på skulenivå Ny kompetansemodul i personalportalen Intern kompetanseutvikling i opplæringsavdelinga Meir systematisk samarbeid om kompetanseutvikling Deltaking i KS sitt skuleeigarprogram

Samfunnskvalitet

Dei overordna måla for opplæring i Verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune 2016-2020 uttrykkjer oppdraget som kjem inn under styringsdimensjonen samfunnskvalitet. Overordna mål er meir langsiktige og vert følgt opp m.a. gjennom rullering av større plandokument og politiske avgjerder. Vi nemner nokre av styrings-/plandokumenta som handlar om samfunnskvalitet:

- Skulebruksplanen
- Regional plan for attraktive senter
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Skulane sitt samfunnsoppdrag etter føremålsparagrafen og læreplanane gir eit overordna perspektiv på samfunnskvalitet, der oppfølginga i hovudsak skjer gjennom det pedagogiske arbeidet og kvalitetsutvikling. Samarbeid med andre aktørar er viktig, noko verbalforslaget også omhandlar.

- Samarbeid med arbeids- og næringsliv
- Samarbeid med kommunar og andre etatar, mellom anna tverretatleg samarbeid om ungdom utanfor opplæring og arbeid, samarbeid om rådgjeving, utdanningsval og overgang til vidaregåande opplæring
- Samarbeid med Universitet og høgskular om praksis i lærarutdanninga, kompetanseutvikling og forskingsprosjekt m.a. knytt til utviklingsarbeid
- Etisk reglement for HFK

Vidare arbeid med system for heilskapleg styring

Styringssystem, styringsaktivitetar og verktøy vert vidareutvikla innanfor dei ulike styringsdimensjonane. Leiarutvikling vert følgt opp med tanke på at leiingskultur og relasjonar vil ha mykje å seie for korleis system og verktøy vert nytta, korleis ein ser heilskapen og kva ein kan oppnå. Fylkesrådmannen vil leggje til rette for å utvikle vidare eit system for kvalitet som omfattar alle relevante sider ved vidaregåande opplæring med sikte på betre heilskapleg styring.

Eit system som i større grad tek vare på heilskapleg styring, vil omfatte:

- Noverande kvalitetssystem for verksemdbasert vurdering.
- Kvalitetssystem for den delen av fag- og yrkesopplæringa som ikkje føregår i skule.
- System for økonomistyring og oppfølging av merkantile oppgåver på skulane.
- Ny budsjettmodell.
- Normer for leiarressurs og leiarstruktur.
- Vurdering av noverande fullmaktstruktur.
- Tydeleggjering av seksjonane i opplæringsavdelinga si rolle.
- Leiinga si samla rolle, skuleeigarskap, skuleleiing og vidare utvikling av tilhøvet mellom skuleeigar og skulane.

Fylkesrådmannen vil leggje fram ei sak om oppfølging av heilskapleg styring innan utgangen av 2017.



Notat

Dato: 24.02.2017
Arkivsak: 2017/1887-1
Saksbehandlar: sunschu

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Melding om handsaming av uønskt åtfærd i Hordaland fylkeskommune

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møtet i utval for opplæring og helse 10. januar 2017 der følgjande spørsmål er teke inn:

«**Representanten Ragnhild Hus Fagerbakke, H**, viste til ein valdsepisode som hadde vore på Fana Private Gymnas før jul. Saka hadde og vore omtala i BT. Den som hadde utført valden, fekk 1 dags utvising som sanksjon. Fagerbakke syntest at sanksjonen var mild. Fylkesdirektør Heggheim forklarte at ved vald i den offentlege vidaregåande skulen vert politiet alltid kontakta og episoden meldt. HFK vil då forholde seg til politiet og straffelova.

Utvalsleiar Emil Gandolin sette fram fylgjande forslag:

«Utvalet ber administrasjonen legge frem et notat om hvordan saker om vold, mobbing, trakassering og annen uønsket oppførsel sanksjoneres og håndteres i Hordaland fylkeskommune»

Sanksjonar og sakshandsaming

I Hordaland fylkeskommune er reglar for åtfærd på skulen regulert i opplæringslova og i lokal forskrift om felles ordens- og åtfærdreglement av 1. august 2016. Ordensreglementet inneheld ei rekkje ulike sanksjonar, frå dei mildaste til dei meir inngripande. I ordensreglementet § 6 (5) finn ein sanksjonane munnleg påtale, merknad, bortvising frå den aktuelle timen og bortvising for resten av skuledagen. Desse reaksjonane vert rekna som mindre inngripande og er utan klagerett.

Den mest inngripande sanksjonen skulane kan bruke, er bortvising for inntil 5 skuledagar etter vedtak fatta av rektor sjølv, jf. ordensreglementet § 6 (6). For dei mest alvorlege sanksjonane er vedtaksmyndet lagt til fylkesdirektør opplæring. Dette gjeld pålagt skifte av skule, bortvising for resten av skuleåret og bortvising for resten av skuleåret med tap av opplæringsrett. Desse sanksjonane er heimla i opplæringslova § 3-8. Før slike sanksjonar vert nytta, skal ein etter opplæringslova § 3-8 siste ledd vurdere om det er mogleg å nytte andre hjelpe- eller refsingstiltak.

Kva sanksjon som vil vere «rett», er avhengig av ei konkret heilskapsvurdering av det einskilde tilfellet. Det er ikkje mogleg å setje opp fast utmålte sanksjonar for ulike brot på ordensreglementet. Tilfella vil alltid vere noko ulike, og vurderinga av kva andre hjelpe- og refsingstiltak som er moglege og høvelege, vil variere.

Alvorlege brot på ordensreglementet vil bli melde til politiet. Alle typar straffbare forhold som skjer i samband med skulen si verksemd, bør meldast til politiet, jf. ordensreglementet § 6 (2). Bakgrunnen for dette er todelt. Det eine er at straffelova gjeld på skulen. Vidare er det politiet sitt ansvar å finne ut om vilkåra for strafferettsleg forfølgning, eventuelt ransaking og beslag, er til stades. Skulane skal drive opplæring og ivareta alle elevane sine rettar, ikkje etterforske moglege straffbare handlingar.

Systematisk førebyggjande arbeid med psykososialt skulemiljø

Saker som gjeld uønskt åtferd som vald, mobbing og trakassering, har ofte samanheng med det psykososiale skulemiljøet til andre elevar. Hordaland fylkeskommune jobbar systematisk førebyggjande med psykososialt skulemiljø, både på skulenivå og på skuleeigarnivå. Dette er ei lovpålagt oppgåve og er heimla i opplæringslova kapittel 9a, nærare bestemt § 9a-4.

Skuleeigar og skulane har fokus både på førebygging og på handsaming av einskildsaker. Elevar og foreldre som treng rettleiing, kan ta kontakt med mobbeombodet. Det same kan skular og læreverksemdar. For å ha halde oversikt over type og tal saker får skuleeigar kopi av enkeltvedtak frå skulane. Vidare er skuleeigar involvert i arbeidet med klagesaker til Fylkesmannen. Desse systematiske grepa er tekne for at skuleeigar skal kunne støtte og følgje opp skulane, og eventuelt setje i verk større systematiske grep der det er naudsynt.

Hendinga på Fana Private Gymnas

Den konkrete hendinga som ligg til grunn for spørsmålet, skjedde på ein friskule, og Hordaland fylkeskommune er ikkje skuleeigar for friskulane. Fana Private Gymnas har sitt eige ordensreglement som ligg ope på deira nettsider. Kva sanksjonar skulen kan nytte, er heimla der. Det er først ved dei mest alvorlege sanksjonane Hordaland fylkeskommune vert involvert. Vedtaksmynde for bortvising for resten av skuleåret, med eller utan tap av opplæringsrett, er som for dei offentlege skulane lagt til fylkesdirektør opplæring, jf. friskulelova § 3-10 andre ledd.



Notat

Dato: 13.02.2017
Arkivsak: 2015/5010-4
Saksbehandlar: marhaa5

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Skulefrukost - bruk av midlar 2017

Fylkestinget vedtok i møte 13.12.2016 å utvide prøveordninga med skulefrukost, og 3.000.000 kroner vart øyremerka til ernæring i skulen. Midlane skulle prioriterast mot skular med låge inntakspoeng.

Fylkesrådmannen har kartlagt skular med låge inntakspoeng og låg gjennomføring, og midlane er lyst ut blant dei vidaregåande skulane i Hordaland med søknadsfrist 20. februar 2017. Skular med høgt tal på elevar med låge inntakspoeng og låg gjennomføring vil bli prioritert.

Per dags dato er det kome inn 11 søknader om midlar.

Vedlagt følgjer utlysingsteksten.

STØTTE TIL TILBOD OM GRATIS SKULEFRUKOST – UTLYSING AV MIDLAR

Fylkestinget har vedtatt at det blir sett av 3 mill kroner til gratis skulefrukost i vidaregåande skular i 2017. Midlane vert prioriterte til skular med låge inntakspoeng.

Midlane vert no lyst ut og skular kan søkje **med frist 20. februar 2017**.

På bakgrunn i *Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle* sitt handlingsprogram blir det, i tråd med nasjonale føringar, sett krav til fylkeskommunen om å arbeide for å etablere sunne matvanar i skulane/skulekantinane, jfr. Helsedirektoratet sine retningsliner *Mat og måltid i vidaregåande skoler*, 2013. Skulen er ein unik læringsarena sett i ein helsefremjande og førebyggjande samanheng. Skulemåltidet er ein faktor av miljøskapande verdi som har betydning for helse, trivnad og læring.

Frå eit læringsperspektiv ser ein på måltid som grunnleggjande for å fremje konsentrasjon og læring, jfr. Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet

«Gjennom tilrettelegging for vel organiserte og sunne måltider som inkluderer alle, kan skolen bidra til at unge får gode muligheter til å etablere et helsefremmende og godt kosthold som de tar med seg senere i livet. Dette kan bidra til å redusere sosiale forskjeller i kosthold.» *Helsedirektoratet, Nasjonal faglig retningslinje for mat og måltider i skolen, nov. 2015*

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-skolen>

Erfaringane frå skular i Hordaland som har etablert tilbod om skulefrukost viser at dei skårar betre i Elevundersøkinga enn gjennomsnittet i Hordaland når det gjeld trivsel.

For å bidra til styrking av tilbodet om gratis skulefrukost i Hordaland lyser vi såleis ut midlar til skulane. Ved vurdering av søknader vil skular med låge inntakspoeng og låg gjennomføring bli prioriterte. Tilskotbeløp blir maksimum kr. 200.000 – 500.000, avhengig av tal på elevar

Søknad om midlar skal innehalde:

- **Tal på elevar**
- **Gjennomsnittlege inntakspoeng i 2016**
- **Omfang av tilbodet/kor mange dagar per veke**
- **Budsjett: Kostnader totalt, eigendel og omsøkt beløp**

Frist for søknad: 20. februar 2017. Merk søknaden skulefrukost.

Søknad sendast til: postmottak.opplaering.@hfk.no

Ved spørsmål, kontakt marianne.haaland@hfk.no, tlf. 55 239242



Notat

Dato: 21.02.2017
Arkivsak: 2016/300-87
Saksbehandlar: torsan12

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Undervisningsevaluering i Hordaland fylkeskommune

Sak om elevevaluering av lærarar blei første gong lagt fram for opplærings- og helseutvalet og fylkesutvalet i mai 2006. Evalueringa bytte seinare namn til undervisningsevaluering. Opplærings- og helseutvalet vedtok i møte 21.09.2009 vidare presiseringar om at det er fylkesdirektør opplæring sitt ansvar å gi praktiske føringar for gjennomføring av evalueringa, at alle lærarar kvart år skal evaluerast av minst ei elevgruppe og at evalueringa, så langt det er mogleg, skal gjennomførast på Vg1-nivå.

Fram til våren 2013 blei evalueringa gjennomført i læringsplattforma Its learning basert på eit sett spørsmål utarbeidd sentralt i HFK saman med arbeidstakarorganisasjonane. I 2013 gjekk opplæringsavdelinga til innkjøp av PULS, levert av Conexus, eit verktøy for skuleeigar og skulane til systematisk kvalitetsvurderings- og oppfølgingsarbeid. Undervisningsevalueringa blei frå 2014-2015 gjennomført i dette systemet.

Hausten 2015 gjekk avtalen med Conexus ut, og på bakgrunn av ein felles anbuds konkurranse med 16 andre fylke blei dette systemet erstatta av Hjernen og Hjertet, levert av Rambøll.

Ein modul for undervisningsevaluering er ikkje ein del av innkjøpet, og må skaffast som ein tilleggsmodul.

Fylkesdirektør opplæring vil gå i dialog med Rambøll om kjøp av undervisningsevalueringensmodul som skal vere på plass for gjennomføring i skuleåret 2017/18. Det gir skulane moglegheit til å sjå resultat frå evalueringa opp mot andre resultat, som t.d. frå Elevundersøkinga og karakterdata. Arbeidstakarorganisasjonane vil bli inviterte til å delta i arbeidsgruppe som i dialog med Rambøll skal utarbeide eit spørsmålsbatteri for bruk i undervisningsevalueringa.

Ettersom det ikkje er mogleg å gjennomføre undervisningsevalueringa i Hjernen og Hjertet inneverande skuleår, er det gjort frivillig for skulane å gjennomføre ei eiga, lokal undersøking dette skuleåret. Ei slik undersøking kan gjennomførast på fleire måtar, t.d. gjennom Its learning.



Notat

Dato: 17.02.2017
Arkivsak: 2017/1548-1
Saksbehandlar: annsve3

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Lærekandidatordninga - eingongstilskot i samband med teikning av opplæringskontraktar i 2017

Fylkestinget handsama budsjettet for 2017 i møte 13.12.2016. I samband med budsjettsaka vart følgjande verbalforslag lagt fram i høve til lærekandidatordninga:

Lærekandidatordninga

Tilskotet til lærekandidatordninga vert vidareført. Dette er eit svært viktig tilskot for elevar som treng tilrettelagt tilbod for opplæring.

2,1 millionar kroner vart derfor sett av til utbetaling av eingongstilskot for 2017.

Med bakgrunn i dette vidarefører Hordaland fylkeskommune eingongstilskotet til lærebedrifter som teiknar kontrakt med lærekandidatar. Beløpet er 30.000 kr per opplæringskontrakt. Dette er same sats som i 2016. Dette tyder at det kan utbetalast tilskot til 70 opplæringskontraktar. Talet på kontraktar låg i 2016 på rundt 80. Først-til-mølla prinsippet vert dermed lagt til grunn.

Vonleg kan dette føre til at formidlinga av lærekandidatar skjer tidlegare på året enn før.

Føresetnader for tildeling:

- Lærekandidaten må ha ungdomsrett
- Tildelinga gjeld i utgangspunktet kandidatar som er folkeregisterregistrerte i Hordaland

I enkelte tilfelle vert opplæringskontrakten heva. I slike tilfelle skal følgjande retningslinjer om tilbakebetaling leggast til grunn:

- Tilbakebetaling av heile tilskotet dersom opplæringstilhøvet vert avslutta innan 6 månader.
- Tilbakebetaling av 50% av tilskotet dersom kontrakten vert heva innan 12 månader.
- Dersom ungdommen teiknar ny opplæringskontrakt, får også bedrift nr 2 eingongstilskot.

Frå 2017 av endrar fagopplæringskontoret rutinane for utbetaling av tilskotet. Beløpet vert ikkje lenger utbetalt i samband med godkjenning av opplæringskontrakten. I staden ber vi bedriftene sende inn faktura.

International Newsletter 02/16



Contents

1. OUR PARTNER REGIONS.....	3
2. COOPERATION THROUGH EUROPEAN AND INTERNATIONAL ORGANISATIONS.....	7
3. PROJECTS	10
4. YOUTH AND INTERNATIONALISATION	14
5. WEST NORWAY OFFICE IN BRUSSELS.....	26
6. OTHER INTERNATIONAL ACTIVITIES	27

Hordaland County Council is responsible for county policies within the following fields: Higher secondary education, cultural affairs, public transport, dental health, economic development and regional planning, including the development of the road system.

Hordaland County Council is involved in many international projects and activities. Our region has signed cooperation agreements with several partner regions abroad. The «Hordaland class» programme gives an opportunity for Upper secondary school students in Hordaland, to study in several of these partner regions for one school year. We also cooperate with other countries through membership in European organisations. Hordaland has been an active member of the North Sea Commission. We are also a member of the West Norway Office, one of six Norwegian regional offices in Brussels. EU-programmes such as Interreg and Erasmus+ are among the most important tools for internationalisation in Hordaland.

Hordaland County Council publishes an International Newsletter twice a year, giving a short introduction to the county's international activities over the previous six months. The overview is not extensive, but nevertheless we hope it gives an idea of the breadth of international activities that take place within our region.

All photos are produced by Hordaland County Council, unless otherwise stated.
For more information: www.hordaland.no/internasjonalt
Editor: einar.stokka@hfk.no

Front page: *Kickoff for the ASCENT project in Dun Lewey, Co. Donegal*
Photographer: *Ascent.*

1. OUR PARTNER REGIONS

Normandy, France

Success for Hordaland artist Thea Hjelmeland with L'Orchestre Régional de Normandie

As a commissioned project for this year's Festival les Boreales, L'Orchestre Régional de Normandie arranged and performed Thea Hjelmeland's music. This performance where Hjelmeland and the orchestra performed together was reviewed to be one of the best shows in this year's festival.

Festival les Boreales has followed the singer, songwriter and multi-instrumentalist, Thea Hjelmeland, for several years. Hjelmeland has also lived in France for a period of time. She performed in the festival before she released her first album. Hjelmeland has received great recognition and awards for her music the last years, especially for her 2nd album "Solar Plexus" which was released in 2014.

Festival Les Boreales takes place in Normandy each November, and is the biggest festival with a Nordic focus outside the Nordic countries. It is an interdisciplinary festival and over the years different artists from Hordaland have been able to participate within different art forms and genres including the author Gunnar Stålesen, our national dance company Carte Blanche, Edvard Munch paintings from the art museum of Bergen and the death metal band Gogoroth. A brand has been created – Made in Hordaland – for the artists from our county who participate in the festival programme. It is the artistic director of the festival who is responsible for the artistic content in the festival program, but there is good contact between the cultural department in the county council and the festival, and the festival is given a grant from Hordaland for the Made in Hordaland parts of the program. This is a vital and important part of the cooperation between Hordaland and Normandy.

Artist-in-Residency

The artist Johanna Lettmayer has been on a three months stay in Caen in Normandy as a part of the Normandy-Hordaland cooperation agreement. The agreement gives a recently graduated artist the opportunity to go on exchange for several months.

Conseil Régional de Normandie, Hordaland County Council, Esam Caen/Cherbourg and Bergen Academy of Art and Design cooperate on the exchange of artists. Hordaland and Normandy alternate in hosting each other's artists. This year an artist from Hordaland visited Normandy. The artist received a scholarship of NOK 30.000 from Hordaland County Council, and both accommodation and access to an atelier are arranged for by Esam. Johanna Lettmayer was chosen by jury with representatives from both Hordaland and Normandy.

The Cultural Rucksack

As a part of the Normandy-Hordaland cooperation agreement the puppetry theater group Cie Akseleere from Normandy toured Hordaland for two weeks.

The tour was part of the programme of art and cultural mediation in the schools in Hordaland, Den kulturelle skolesekken (Cultural Rucksack). This is the fourth year that artists and acts from Normandy have toured Hordaland. The acts from Normandy have had an emphasis on theater and circus. Cie Akseleere performed at Bømlo Arts Centre, at Husnes Arts Centre, and at Voss Arts Centre 25th-28th October.



Thea Hjelmeland performing with L'Orchestre Régional de Normandie at the Festival les Boreales. Photographer: Agence Franck Castel.

Contact: Charlotte.Espeland@hfk.no

Orkney Islands, Scotland

Hordaland County Council visited the Orkney Islands for the annual Christmas Tree Lighting Ceremony in December. Chair of the Committee for culture, sports and regional development (KIRU), Beate Husa, represented Hordaland at the tree lighting ceremony. As a part of the annual celebrations fiddlers Frank Rolland and Alexander Olavson Røynstrand also toured the primary schools on Orkney the week before.

The weekend started with the annual Friday Dinner-dance hosted by the Orkney Norwegian Friend Association (ONFA). Hordaland County Council was represented by Beate Husa

(Chair KIRU), Ronny Skaar (Head of Section for Arts and Culture) and Einar Stokka (Advisor, Section for research, internationalization and analysis). Convener Steven Heddle, the Honorary Consul to Norway Leslie Burgher and Lord Lieutenant Bill Spence were also present. Beate Husa thanked the Chairman of ONFA Ishbel Borland for the friendship and all assistance during the celebrations.

Saturday it was time for the annual Tree Lighting Ceremony. For more than thirty years Orkney Islands and Hordaland County Council have had a friendship agreement. To mark this long-lasting collaboration Hordaland County Council gives a Christmas tree to the people of the Orkney Islands, which stands outside of the grand St Magnus Cathedral.

As a part of the friendship agreement Hordaland offers a cultural tour of the primary schools around Orkney Islands. This is a very appreciated and interesting arrangement, both for the pupils and for the musicians. The musicians visiting Orkney this year were Frank Rolland, the experienced county musician, and Alexander Røynesland, this year's winner of the Folk Musician Award in Hordaland. They toured the primary schools, showing the pupils Norwegian folk tunes and dancing. For the first time this year the musicians from Hordaland also held a Master class with young music students, which was a great success. Teacher and fiddler Douglas Montgomery and representatives from Hordaland County Council agreed that this was a fruitful cooperation and something one should consider repeating in the future. The master class ended with a joint act in St Magnus cathedral on Saturday and Sunday.

In 2017 the Orkney Islands will celebrate the 900th anniversary of St. Magnus cathedral with a whole range of events throughout the year. A meeting between Beate Husa and Ronny Skaar, and Leslie Burgher, Chariman of the board of St. Magnus festival, was held in order to discuss possible cultural collaboration during next year's celebrations. The historic ties between Orkney and Norway are strong, and something to celebrate during this year's anniversary.



Frank Rolland and Alexander Røynesland performing with local students in the St Magnus cathedral. Photographer: Leslie Burgher

Contact: Einar.Stokka@hfk.no

Edinburgh, Scotland

Edinburgh Christmas 2016

Deputy County Mayor, Pål Kårbø, led a small delegation to Edinburgh this year in order to hand over the gifted Christmas tree from Hordaland to the city of Edinburgh and to take part in the opening of Edinburgh Christmas. Hordaland musicians Reidun Horvei, soprano, and Inger-Kristine Riber, piano, took part in the celebrations to mark the opening of the Edinburgh Christmas street. Edinburgh Christmas has a special atmosphere with a huge traditional German style Christmas market and funfair and Christmas lights along the main shopping streets. Several thousand people had found their way to the city centre as darkness was falling.

Pål Kårbø and Edinburgh's Deputy Lord Provost, Steven Cardownie highlighted the cooperation between the cities as part of the event. Each year Hordaland also co-organises the Royal Norwegian Advent Concert in St Giles Cathedral with the Honorary Consul General of Norway. The Hordaland musicians joined the Schola Cantorum of Edinburgh conducted by Eric von Ibler to give a memorable performance in these stunning surroundings. The delegation left Edinburgh with the intention of building further on our good relations and ongoing projects and our thanks go to the city and to the Lord Provost, Donald Wilson, for the hospitality received.



Deputy County Mayor, Pål Kårbø, during the Royal Norwegian Advent Concert in Edinburgh.

Contact: Kate.Clarke@hfk.no

Hordaland classes

Students in Missouri became state champs

Although most of the Hordaland classes are in Europe, Hordaland County Council also has a Hordaland class in Missouri, USA, at Saint Paul Lutheran High School. In 2016 the Norwegian students contributed to the school winning two state championships!

For many years Hordaland has sent students to Saint Paul Lutheran High School in Missouri. Living and going to school in this "Norwegian" part of the US is a great experience for the



The winners of the Missouri soccer state championship. Involved students from Hordaland - Sverre Jervell, Simon Høyland and Håvard Stranden from Øystese Upper Secondary School, Frode Hitland from U. Pihl Upper Secondary School, Marius Økland Unnvik and Adrian Strøm from Amalie Skram Upper Secondary School, and Oddne Teigenes from Odda Upper Secondary School.

students, as they experience a new cultural setting, improve their English, and grow as individuals. Sverre Jervell, from Øystese Upper Secondary School, is one of the 27 students from Hordaland currently in Missouri:

– Studying in USA is a bit different from studying back home. We have the same schedule and the same subjects every day at the same times. Each class is 45-minutes long, and

therefore shorter than in Norway. We therefore have more classes in a day, but have approximately just as long school days as in Norway. We live at the school, and eat every meal here. We also get a warm lunch. The food contains more fat and sugar than the Norwegian food, and it sometimes disappoints us. Studying abroad expands your horizons and creates new relationships, but you also feel homesick from time to time.



The Hordaland class in Normandy
The 14 students from Hordaland, currently undertaking their second year of upper secondary school in Normandy, eating lunch with headmistress Unn Fauskanger at Café Bistronomie in Caen. The café has become a traditional place for the headmistress to invite the students for lunch and a chat when visiting Normandy. The students are placed at four different schools in the region. They were chatting cheerfully during the lunch, and the visitors from Hordaland were impressed by the level of French the students had achieved after only two months in Normandy.




The hordaland class in Cardiff
Here is the Cardiff class of 2016-2017. On the last weekend of October the Cardiff class had a tutorial in Norwegian. The topic of the day was the Renaissance. The students came to class well prepared and eager to participate, and Hege Cruickshank, coordinator and Norwegian teacher, was happy to see the students again. The 19 Norwegian students attend five different schools in the Cardiff area, and they meet with the Norwegian teacher several times a year to go through the curriculum in Norwegian language and literature. On Sunday 23rd October the class headed for a three-day trip around Wales, together with teachers Ronny Arildsen and Hege Cruickshank. They went to Tenby, Broad Haven and Hay-on-Wye, and on the last day they visited the Big Pit in Blaenavon to get a glimpse of Wales' coal mining history. The last night they stayed at a haunted hotel in Hay-on-Wye, and the students insist they met several of the ghosts. (One of the girls took this snapshot to prove it:)



The Hordaland class in Thüringen.

Reception at the town hall in Erfurt, Thüringen. The Hordaland Class met with the Mayor Andreas Bausewein Thursday 3rd November 2016. Also present was the leader of Department of Education, Dr. Werner Ungewiss, and teachers, students, employees at the boarding house, as well as company managers who were working with the students.



Hordaland class

Hordaland class is an exchange programme open to all students from Hordaland who have completed the first year of upper secondary school (Vg1) in General studies or Electronics. After the school year abroad the students return to Hordaland and are either accepted into a third and final school year (Vg3) or into work practice (Electronics). The exchange programme guarantees the same rights as other educational programmes, for example, the right to a student living allowance and travel grant from The Norwegian State Educational Loan Fund (Statens Lånekasse for Utdanning).

How Many?
77 "Hordaland class" students are doing their second school year abroad during the school year 2016-17.

Cooperative countries
Four secondary schools in Hordaland coordinate the "Hordaland class" programme and are responsible for the follow-up of the students while abroad. The second year students attend schools in:

- Cardiff, Wales UK (19 students)
- Erfurt, Germany (18 students – 8 students within General studies and 10 students within Electronics)
- Normandy, France (14 students)
- Missouri, USA (27 students)

Why?
The aim of the "Hordaland class" programme is to give students in Hordaland the opportunity to live and go to school abroad. Increased knowledge of languages, intercultural competence and new friendships and network will equip the students with highly valuable skills regarding the global and multicultural society.

Contact: Berit.Roksvag@hfk.no

In addition to studying, many of the students are involved in the school's sports activities as well. The concept with school teams is different from Norway, and Sverre Jervell explains that there are other sports which dominate:

Utgreiing av saka:

For skuleåret 2016 – 2017 har fagopplæringskontoret etablert alternativ slutt opplæring i skule for ei rekkje fag. Det er både skuleløp og kombinasjonar med skular og praksisbedrifter/opplæringskontor. Vi møtte ei stor utfordring allereie i slutten av 2014 og i byrjinga av 2015. Fallet i dei norske oljeinntektene begynte å ramme leverandørindustrien i eit slikt omfang at lærebedriftene ikkje var i stand til å ta inn alle ungdommar som gikk ut av til dømes Vg2 industriteknologi. Det same forholdet galdt også frå Vg2 Elenergi, Vg2 Bilfag, Vg2 Maritime fag, vg2 Brønnteknikk og Vg2 IKT-Servicefag. Det gav det resultatet at etterspurnaden etter

lærlingar til elektrikarfaget og IKT-servicefaget ikkje var like stor som talet på intensjonsavtalar inngått i ovannemnde fag skulle tilseie.

Hordaland Fylkeskommune v/fagopplæringskontoret har valt å prioritere å gi ei slutt opplæring som byggjer på same Vg2 som eleven har avslutta. Unntaket var dei som gjekk ut av Vg2 Brønnteknikk våren 2016 og hadde søkt læreplass som boredekkoperatørar. Desse fikk tilbod om allmenn påbygg. Det var ikkje mogleg å etablere Vg3-plassar innanfor eige fylke til ein stykkpris som kunne forsvarast når utgangspunktet for godtgjersle per elev er basis I-tilskot. Dette var ikkje i tråd med vilkåra for Vg2-kurs, men elevane fekk oppfylt ungdomsretten. Dei kan sjølv sagt kome tilbake og søkje læreplass frå hausten 2017, og vil bli formidla til eventuelt tilgjengelege læreplasser.

Tilgjengelege læreplassar i faga der det er starta alternativ Vg3 Opplæring i skule

Talet på tilgjengelege læreplassar kan vi ikkje seie noko om, men vi kan seie noko om kor mange intensjonsavtalar vi har med dei ulike læreverksemdene. Sjølv om talet på intensjonsavtalar er høgt, er det svært usikkert om bedriftene tek inn like mange lærlingar som talet på intensjonsavtalar skulle tyde på. Fagopplæringskontoret opplever stadig at verksemdar ikkje kan ta inn lærlingar slik det var planlagt då intensjonsavtalen blei send inn. Det kan skuldast hendingar som heng direkte saman med livsgrunnlaget for verksemda, som tap av anbod eller sviikt i etterspurnad av verksemda sine varer og tenester.

Vg 2 – Industriteknologi

Her er det oppretta klasser ved HOP Kompetansesenter for platefaget, sveisefaget og industrimekanikar-/montørfaget. Her får dei praktisk opplæring i faget av profesjonelle instruktørar innan sitt fag. Dette er i samarbeid med Askøy vgs der ungdommane er elevar. Skulen har ansvar for å reparere eventuelle manglar i fellesfag for at ungdomane skal vere kvalifiserte til å kunna motta fag-/sveinebrev ved bestått prøve.

Hausten 2015 starta 22 elevar i dette tilbodet til eitt år opplæring. 93% av dei oppmelde elevane bestod fagprøva ved første gongs forsøk. Dei resterande bestod etter andre gongs prøve. Det blei også starta opplæring hausten 2016, men med berre 16 elevar. Dei sist inntekne elevane har ikkje gjennomført fag-/sveineprøve.

Det er også oppretta Vg2-opplæring i CNC-operatørfaget ved Osterøy vgs. Her får elevane både praksis og eventuelt teorireparasjonar i fellesfag ved skulen. Den praktiske opplæringa vert gjennomført av innleigde instruktørar frå lokale industribedrifter på Osterøy. Opplæringa her er også eitt år. Alle bestod fagprøva på normert tid.

Det blei hausten 2015 også starta Vg3 i sveisefaget v/Kværner Stord i samarbeid med Stord vgs. Fire elevar starta opplæringa. Alle bestod fagprøva mykje godt etter eitt års opplæring. Ein elev valde å slutte rett etter at tilbodet hadde starta. Hausten 2016 var det ikkje behov for Vg3 i TIP på Stord.

Evaluering av tilbodet i TIP-faga:

Med bakgrunn i elevmassen som gjennomfører Vg3 alternativ slutt opplæring som byggjer på Vg2 industriteknologi, ser det ut som eit kvalitativt godt opplæringsløp med høg grad av beståtte fagprøver ved første gangs prøve. Det har lukkast ungdomar som har deltatt på Vg3 og fullført med bestått fagprøve, å finne relevant arbeid i industrien. Etter at denne delen av bransjen fekk ein generell nedgang i etterspurnad av varer og tenester, er det blitt vanskelegare også for denne gruppa elevar å finne seg relevant arbeid. Talet på søkjarar til TIP-faga er sterkt nedgåande, slik at skuletilbodet blir redusert i takt med søkjartalet. Behovet for Vg3 vil nok forsvinne ettersom det ikkje kjem fleire søkjarar til TIP. Det er framleis eit overskot på ungdommar som allereie er elevar på Vg2 industriteknologi.

Forventa tilgang på læreplassar i tida som kjem til elevar som kjem frå Vg2 industriteknologi

Her er utgangspunktet dei ungdomane som kjem frå Vg2 industriteknologi. Dette er det Vg2-kurset som kvalifiserer til flest fag. Det betyr ikkje at det er tilgang på fleire læreplassar i dei andre faga. Dei sist nemnde faga er små fag med få eller ingen læreplasser tilgjengeleg. Det vil truleg ikkje avhjelpe situasjonen i stor grad om fleire ungdomar gjer andre val.

Dei som er kvalifiserte til formidling til læreplass og ikkje får eit tilbod, vil nok også i åra som kjem ha behov for alternativ slutt opplæring Vg3, men det vert forventa at behovet minkar ettersom ungdomane søker seg til andre programfagområde.

Vg2 – Kjøretøy

Hausten 2015 og 2016 blei det starta opp Vg3 Bilfag lette kjøretøy på Slåtthaug videregående skole. Dette var ei gruppe elevar som hadde låge karakterar frå Vg2 kjøretøy, og i kombinasjon med høgt fråvær var denne gruppa elevar eit utval som næringslivet takka nei til. Dei var kvalifiserte til formidling til læreplass. Dette er eit skuleløp på 18 månader der skulen nyttar sine samarbeidsbedrifter til utplassering i praksis. Grunna elevsamansetninga og føregående skuleresultat er dette eit krevjeande Vg3-løp for skulen å gjennomføre. Dessutan er belastninga på skulen sine samarbeidsbedrifter stor. Ein kan frykte at dette på sikt ikkje er bærekraftig, då konsekvensen er at bedriftene begynner å seie nei til vidare utplassering av t.d. YFF-elevar.

Evaluering av tilbodet i bilfaget *lette kjøretøy*:

Salet i bilbransjen var i 2016 veldig høgt, men fagopplæringskontoret oppfattar det slik at det er dei ungdomane som har gode skuleresultata og lite fråvær, som får seg læreplass. Dei som står igjen utan tilbod, er dei utsette med svake skuleresultat og høgt fråvær. Det ligg ikkje føre noko resultat på dei Vg3-elevane som starta opplæringa hausten 2015. Tidspunkt for fagprøve er nært føreståande og ikkje gjennomført på det tidspunktet evalueringa er skriven. Vg3-tilbodet i bilfaget lette kjøretøy er forventa å bli oppretthalde i åra som kjem for å gje elevane med svake skuleresultat - men som samstundes er kvalifisert til formidling til læreplass - eit relevant tilbod.

Forventa tilgang på læreplassar i tida som kjem til elevar som kjem frå Vg2 kjøretøy

Det som også er ein del av biletet, er at talet på el-bilar som vert seld er høgt og aukande. El-bilar har eit mykje mindre servicebehov enn kjøretøy som nyttar fossilt drivstoff. Dette vil også kunne medføre lågare inntak av lærlingar til bilfaget lette kjøretøy. Viss vi tek utgangspunkt i heile bilfaget - det som omhandlar bilskade- og billakk, og til dels reservedelsfaget - er det fleire læreplasser tilgjengeleg enn det er søkjarar. Kunne ungdomane gjort eit omval, ville talet på læreplasser vore meir i samsvar med talet på elevar som kjem frå Vg2 bilfaget lette kjøretøy og Vg2 bilskade lakk og karosseri. Vg3 -tilbodet i bilfaget lette kjøretøy forventast å bli oppretthalde i åra som kjem for å gje dei elvane som bransjen seier nei til, eit relevant tilbod.

Vg2 – Elenergi

Det er både i januar 2015, 2016 og 2017 starta opp alternativ slutt opplæring Vg3 i elektrikarfaget. Dette er eit samarbeid mellom opplæringskontoret for Elektrofag Bergen & Omegn (OKEL) og Slåtthaug vgs. Elevane gjennomfører eit opplæringsløp på 18 månader. Grunna overlapping og lengda på opplæringa har denne ordninga avvikande starttidspunkt. Denne elevgruppa får også undervisning i teori til eksamen ELE3002 som kvalifiserer til å kunne avlegge fagprøva i elektrikarfaget. Denne elevgruppa har gode skuleresultat og lågt fråvær. At denne gruppa elevar ikkje får læreplass, er det fleire årsaker til. Talet elevar frå Vg2 Elenergi er stort, og mange lærebedrifter tar også inn lærlingar som ikkje har ungdomsrett. Det har likevel vist seg at OKEL har fått sine medlemsbedrifter til å ta inne nokre av Vg3-elevane til ordinær læreplass. For kullet 2015 fekk 12 av 14 læreplass. I 2016 var det berre to elevar som fekk tilbod om ordinær læreplass av 14 som begynte. 5 har slutta og dei resterande 7 er fortsatt elevar. For kullet som blei tatt inn i januar 2017, er det inga endring, bortsett frå at dette kullet er på 10 elevar.

Det har i tillegg vore starta opp Vg3 i elektrikarfaget på Stord. Hausten 2015 vart 10 elevar innkalla. 5 elevar takka nei til tilbodet, 5 elevar starta, 1 fekk ordinær læreplass. Dette tilbodet vert gjennomført av Stord vgs. Praksis vert organisert av skulen i eigne verkstader og i samarbeid med elektrikarbedrifter skulen nyttar i til dømes YFF. Restteorien i elektrikarfaget vert gjennomført ved starten av opplæringa. Hausten (november) 2016 starta 12 elevar; 1 fekk læreplass med det same. 11 elevar er godt i gang med opplæringa, ingen fråfall så langt.

Evaluering av tilbodet i elektrikarfaget:

Av elevane som starta i tilbodet i januar 2015 var det eit høgt tal elevar som fekk tilbod om ordinær læreplass på grunnlag av dei erfaringane den einkilde verksemd hausta ved at eleven var utplassert i verksemda. Det same var ikkje tilfelle for dei som starta i januar 2016. Då var biletet heilt endra med ein betydeleg nedgang i aktiviteten i bransjen, og berre to av elevane fekk tilbod om ordinær læreplass. Bransjen har ved fleire høve meld tilbake til Hordaland fylkeskommune at talet på Vg2-plassar innan elenergi er altfor høgt og ikkje dimensjonert i forhold til bransjen sine behov. Elektrikarfaget er eit fag som også i landsovereinskomsten for elektrofag har eit skarpt skilje mellom elektrikar som kjem med fagbrev frå Vg3 i skule og dei som har fagbrev frå normalmodellen. Dette er negativt forsterkande for dei som ikkje får eit ordinært tilbod om læreplass der bransjen sjølv vurderer opplæringa som ikkje kvalitativt god nok, sjølv om opplæringa varer i 18 månader.

Fagopplæringskontoret vurderer behovet for Vg3 innan elektrikarfaget som stort i åra som kjem grunna talet på elevar som kjem frå Vg2 elenergi og er kvalifiserte til formidling til læreplass i elektrikarfaget. Det er også usikkert kor lenge bransjen og deira medlemsbedrifter er villige til å gjere ein dugnad for å avhjelpe situasjonen med overkapasitet. Vg3-tilbodet på Stord er slik det er meld til fagopplæringskontoret i god gjenge med positiv haldning blant verksemdene. At skulen gjennomfører restteorien i starten av opplæringa, gjer elevane meir attraktive for verksemdene som tek dei inn i praksis. I tillegg til samarbeidande verksemdar har Stord vgs eigne verkstader til å gjennomføre ein del av den praktiske opplæringa sjølve.

Forventa tilgang på læreplassar i tida som kjem til elevar som kjem frå Vg2 elenergi

Dei ungdomane som går ut frå Vg2 elenergi, er også kvalifiserte til fleire lærefag der det diverre berre er få eller ingen læreplassar tilgjengeleg. Unntaket er telekommunikasjonsmontørfaget som melder om aukande behov for lærlingar og har eit ynskje om fleire søkjarar, eventuelt at ungdom som kjem frå Vg2 elenergi gjer eit omval av fag. Dette faget har forventningar om behov for fleire lærlingar i åra som kjem. Det same gjeld også for signalmontørfaget grunna dei store utbyggingane som skjer innan skinnegåande transport i vår region.

Vg2 – Brønnteknikk

Hausten 2015 blei det starta opp Vg3 i Brønnefaget, havbotninstallasjonar; eit samarbeid mellom Bergen Maritime vgs, Live2Learn Flerfaglig Opplæringskontor (L2L) og FMC Technologies, som er ei medlemsbedrift i L2L. Det starta 5 elevar som er utplassert hjå FMC. Ein elev har slutta. Det står igjen 4 som skal avleggje fagprøve i løpet av april 2017 etter 18 månaders opplæring. Dette er det Vg3-løpet som har hatt dei største utfordringane med å kunne gjennomførast. Det er eit faktum at Vg3-elevar ikkje får tilbod om opplæring offshore, men all opplæringa blir gitt i vedlikehaldsverkstaden til FMC Technologies. Grunna læreplanen i Vg3 for faget er 18 månader opplæring vurdert som i underkant av kva det burde vere. Tidsfaktoren stiller store individuelle krav til den enkelte deltakande elev for at ho/han skal nå dei mål i læreplanen som skal kvalifisere for fagprøva.

Evaluering av tilbodet i havbotninstallasjonar

Dette har vore eit svært krevjande opplæringsløp for dei involverte. Sjølv om elevane har vore utplassert hjå FMC Technologies i alle 18 månadene, manglar offshoredelen i opplæringa, som omfattar om lag 30 % av måla i læreplanen. Her skal det nemnast at verksemda har prøvd å lage øvingar som ligg tett opp til

aktivitetar offshore. Utfordringar med simuleringar er at dei ikkje speglar eit offshoremiljø og dei utfordringar som ligg i dette.

Både elevar og instruktørar har peika på at lengda på opplæringa ikkje er lang nok. Vg3- læreplanen i havbotninstallasjonar er svært innhaldsrik med mange læreplanmål som er krevjande ved 24 månader opplæring. (12 månader opplæring og 12 månader verdiskaping). Ovannemnde Vg3-løp er ikkje tilrådeleg å gjennomføre som eit 18 månaders opplæringsløp der offshoredelen ikkje er teken med. Det skal også nemnast at dei ordinære lærlingane i verksemda heller ikkje har fått reise offshore, men det kan kompensere delvis med at dei er i verksemda i 24 månader og gjennomfører dei same simuleringane som Vg3-elevane. Det er ikkje tilrådeleg å gjennomføre alternativt Vg3 i dei oljerelaterte faga der offshoredelen er ein stor del av opplæringa. Ungdom som søker læreplass i oljerelaterte fag, er ungdom med gode skuleresultat, og desse kunne profittere på å kunna ta påbygg til allmennfag og behalde retten til å bli formidla til læreplass året etter, sjølv om det er veldig usikkert om situasjonen i ovannemnde fag har endra seg i ein slik grad at dei igjen tek inn lærlingar i faga.

Forventa tilgang på læreplassar i tida som kjem til elevar som kjem frå Vg2 brønnteknikk

Dei ungdomane som går ut frå Vg2 brønnteknikk, er kvalifisert til lærefag som er avhengig av at oljeindustrien har nok oppdrag. Det er diverre ikkje situasjonen for faga. Bransjen sjølv forventar vanskelege tider i åra som kjem.

Vg2 – Maritime fag

Hausten 2015 og 2016 er det starta Vg3 i Matros- og motormannfaget. Dette er eit samarbeid mellom Bergen Maritime vgs og SS Statsraad Lehmkuhl om 12 månaders opplæring. Elevane får også logga 12 månaders fartstid for å kunne løyse ferdigheitssertifikata i høve til STCW-konvensjonen. Elevane følgjer SS Statsraad Lehmkuhl sitt seglingsmønster gjennom eit heilt år. I 2015 starta det med 5 elevar, 2 i matrosfaget og 3 i motormannfaget. Hausten 2016 starta det opp 8 elevar; 6 i matros- og 2 i motormannfaget. Alle har bestått fagprøva på normert tid. Ein elev frå 2015-kullet valde å slutte.

Evaluering av tilbodet i maritime fag

Gjennomføringa av Vg3 i Matros- og motormannfaget har til no vore svært vellukka. Opplæringa som dei har fått om bord på SS Statsraad Lehmkuhl, har vore allsidig, og alle elevane har bestått fagprøva med godt resultat. Tilbakemeldingane frå elevane og mannskapet på skipet er veldig positive. SS Statsraad Lehmkuhl er ein læringsarena som byr på utfordringar for elevane som gjerne ikkje er om bord i fartøy til dagleg. Alle elevane melder tilbake om eit god miljø og grundig og solid opplæring i faga sine. Dei fleste av kullet frå hausten 2015 er i dag elevar ved Bergen maritime fagskole. Dette er eit tilbod som bør vidareførast viss det ikkje skjer endringar i næringa som gjer at dei igjen tek inn lærlingar, slik at tilbodet om alternativt Vg3 blir overflødig.

Forventa tilgang på læreplassar i tida som kjem til elevar som kjem frå Vg2 maritime fag

Dei ungdomane som går ut frå Vg2 maritime fag, er kvalifiserte til to lærefag, matrosfaget og motormannfaget. Hausten 2016 blei det ein liten auke på inntak av lærlingar, og da spesielt til fiskeflåten. Trass i dette var det naudsynt å etablere Vg3 for dei som ikkje fekk tilbod om læreplass. Prognosane for skipsnæringa er framleis usikker med eit stort tal offshoreskip i opplag. Innan fiskeri og anna skipsnæring er det grunn til forsiktig optimisme, slik at behovet for Vg3-plassar er forventa å vere på eit relativt lågt nivå.

Vg2 – IKT – Servicefaget

Dette er et reint skuleløp som varer i 12 månader. Opplæringa er i regi av Amalie Skram vgs. Her var det start både hausten 2015 og 2016 med 19 elevar i 2015 og 22 elevar i 2016. Av 2015-kullet har to elevar fått løyve til å ta Vg3 over to år. 1 elev fekk ordinær læreplass, og 1 slutta til påske 2016. Dermed var det igjen 14 elevar som avla fagprøve i faget. Av 14 elevar bestod 11. Prøvenemnda opplyser at resultatet av prøvene som var til vurdering, var heilt på linje med dei som har gjennomført ordinær læretid i næringslivet.

Evaluering av tilbudet i IKT-Servicefaget

Tilbakemeldingane er her heilt eintydige. Dette Vg3-løpet passar godt som eit skuleløp, slik Amalie Skram vgs har organisert opplæringa. Noko overraskande er det at elevar med berre 12 månaders opplæring har same resultat som ungdomar med ordinær lærekontrakt i ei bedrift. Årsaka til dette er ikkje klarlagt, men ei årsak kan vere at ungdomar som søker seg til dette faget, er spesielt motiverte og har tileigna seg stor kunnskap om faget frå barnsbein av.

Forventa tilgjenge på læreplassar i tida som kjem til elevar som kjem frå Vg2 IKT-Servicefag

Dei ungdomane som går ut frå Vg2 IKT-Servicefag, er berre kvalifiserte til IKT-Servicefaget. Dette faget har få intensjonsavtaler og endå færre læreplassar tilgjengeleg. Dei verksemdene som tek inn lærlingar, gjer dette utanom dei offisielle kanalar (Vigo). Det er grunn til å tru at det vil vere behov for å gjennomføre Vg3 i IKT-Servicefaget for dei fleste elevane som er kvalifisert til formidling til læreplass etter Vg2 IKT-Servicefaget.

Analyse av framtidig behov og kva som må gjerast

Fagopplæringskontoret sitt arbeid med å rekruttere nye lærebedrifter i offentleg og privat sektor er tatt inn i Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, som skal ha perspektiv for perioden 2017 – 2030. Planen er framleis under arbeid, og det kan kome endringar før planen vert vedteken. Hovudmåla i planen er:

Betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland

- *Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kunnskap og kompetanse til å møte framtidige omstillingsbehov gjennom tilgang til relevant etter- og vidareutdanningstilbod og tilpassa utdanningsløp.*
- *Arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft og kompetanse skal vere styrande for dimensjoneringa av utdanningar som er særskilt etterspurd i den regionale arbeidsmarknaden*
- *Betre tilpassing mellom vidaregåande opplæring, fagskule og universitet/høgskule slik at det blir tydelegare og enklare å vandre på langs i utdanningssystemet*
- *Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.*

Fagopplæringskontoret legg følgjande føresetnader til grunn for å lukkast med strategiane om å nå måla i planen:

Strategiar som skisserer korleis ein vil arbeide for å oppnå måla, kva verkemiddel som skal takast i bruk og kva for arbeidsmetodar som er mest relevante.

I regional plan for kompetanse og arbeidskraft er fylgjande strategiar prioritert:

- *Etablere eit forpliktande samarbeid om utdanningstilbod mellom næringslivet, kommunar og utdanningsaktørane*
- *Sikre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om noverande og framtidig kompetansebehov i arbeidslivet*

Tiltak

- *Utarbeide modell for forpliktande samarbeid om tilbod og etterspørsel av kompetanse og arbeidskraft i Hordaland mellom næringslivet, kommunar og utdanningsaktørane.*
- *Vidareutvikle metodar og verktøy for å skaffe seg oversikt over og kunnskap om arbeidsmarknaden og framtidige kompetansebehov som aktørane kan slutte seg til.*

- *Utarbeide eit opplegg for systematisk bruk og fortolking av analysane for å tilpasse utdanningstilbodet til arbeidslivet sine behov.*

I tillegg til ovannemnde er også «Aksjon lærebedrift» eit verkemiddel der partane i arbeidslivet kvar innan sin del av arbeidslivet jobbar målretta for å auke talet på lærebedrifter i privat og offentleg sektor. Fagopplæringskontoret yter økonomisk tilskot til aktørane i ordninga.

Arkivnr: 2017/1553-2
Saksbehandlar: Anne Sara Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	11/17	09.03.2017
Utval for opplæring og helse	28/17	14.03.2017

Frist for innsending av lærekontrakt/opplæringskontrakt**Samandrag**

I ein del tilfelle vert kontraktar for lærlingar og lærekandidatar sende til fagopplæringskontoret for godkjenning først fleire månader etter at lærlingen/lærekandidaten har starta i lære. Det kan vere mange grunnar til at bedriftene brukar lang tid før dei sender inn kontrakten. Bedrifta seier i slike tilfelle oftast at det har vore gitt opplæring, men at dei ikkje har nådd, eller har gløymt, å underskrive og sende inn kontrakten. Bedrifta melder i mange tilfelle ikkje frå før dei ved neste tilskotskøyting oppdagar at utbetaling/kontrakt manglar.

Praksis fram til no har vore at fagopplæringskontoret har godtatt den startdatoen som bedrifta har sett for opplæringa, og tilskot har vore utbetalt frå denne datoen.

Dette har uheldige konsekvensar: Det er ikkje greitt at ungdom arbeider utan kontrakt, og utan godkjend kontrakt betaler Statens lånekasse ikkje ut stønad til lærlingar/lærekandidatar, og statistikken for læreplass-situasjonen i fylket blir misvisande.

Samstundes må ein ta med i vurderinga at ei uheldig følge av endra praksis vil bli at i nokre tilfelle vil lærlingen/lærekandidaten misse stønad frå Statens lånekasse for dei månadene vedkomande har vore i opplæring før godkjent startdato på kontrakten.

Ut frå ei totalvurdering vil det likevel vere fornuftig å innføre frist for innsending av lærekontakt og opplæringskontrakt.

Forslag til vedtak

Alle lære- og opplæringskontraktar skal sendast til fagopplæringskontoret innan 2 – to månader etter oppstart av læretid. På kontraktar som ikkje er mottatt innan fristen, vil startdato for læretida bli sett til den dato vi mottar lærekontrakten, og ikkje den dato læreforholdet opphavleg starta. Det vil likevel bli gitt frådrag i læretida som yrkespraksis frå startdato til den dato lærekontrakten er mottatt hjå oss.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.02.2017

Bakgrunn

I ein del tilfelle vert kontraktar for lærlingar og lærekandidatar sende til fagopplæringskontoret for godkjenning først fleire månader etter at lærlingen/lærekandidaten har starta i lære. Det kan vere mange grunnar til at bedriftene brukar lang tid før dei sender inn kontrakten. Bedrifta seier i slike tilfelle oftast at det har vore gitt opplæring, men at dei ikkje har nådd, eller har gløymt, å underskrive og sende inn kontrakten. Bedrifta melder i mange tilfelle ikkje frå før dei ved neste tilskotskøyring oppdagar at utbetaling/kontrakt manglar.

Praksis fram til no har vore at fagopplæringskontoret har godtatt den startdatoen som bedrifta har sett for opplæringa, og tilskot har vore utbetalt frå denne datoen. Dette har enkelte uheldige konsekvensar:

- Det er ugreitt at ungdom er i arbeid i fleire månader utan kontrakt.
- Vi mottar lærekontraktar over eit halvt år etter start i bedrift, kontraktar som gjerne gjeld ungdom utan rett som har prøvetid. Det tyder at kontrakten vert sendt oss etter at prøvetida er over.
- Seint innsende kontraktar kan få konsekvensar for lærlingar som vil søke lån/stipend i Statens lånekasse, då stønad ikkje blir utbetalt før fylkeskommunen har godkjent kontrakten.
- Statistikken over godkjende kontraktar stemmer ikkje. Det er desse tala Utdanningsdirektoratet brukar i dei nasjonale oversiktene, og som vi blir målte på.

Ut frå dette vil det vere ein føremon at det vert innført frist for innsending av signert kontrakt til fagopplæringskontoret.

Samstundes må ein ta med i vurderinga at ein uheldig konsekvens av endra praksis vil bli at i nokre tilfelle vil lærlingen/lærekandidaten misse stønad frå Statens lånekasse for dei månadene vedkomande har vore i opplæring før godkjent startdato på kontrakten.

Ut frå ei totalvurdering vil det likevel vere fornuftig å innføre ein slik frist.

Lovverket

I opplæringslova § 4-5 står det at lærekontrakt/opplæringskontrakt skal opprettast når læreforholdet startar, og at kontrakten skal vise til den arbeidsavtalen lærlingen/lærekandidaten har. Arbeidsavtalen skal i følge arbeidsmiljølova § 14-5 ligge føre snarast mogleg, og seinast ein månad etter at arbeidstilhøvet startar. Vidare finn vi i Utdanningsdirektoratet sitt skriv (sist endra 29.01.2016) om *Rutiner og vilkår for tilskudd til bedrifter som tar inn lærlingar og lærekandidater* :

4.2 Godkjenning av lærekontrakt og opplæringskontrakt, jf. opplæringsloven § 4-5

Etter opplæringsloven skal lærekontrakter og opplæringskontrakter opprettes skriftlig når læreforholdet tar til. For å bli gyldig må kontrakten godkjennes av fylkeskommunen. Det er bare godkjente kontrakter som gir grunnlag for utbetaling av tilskudd. Tilskuddene skal gjelde fra kontrakttidens start. Fylkeskommunene må selv vurdere om det er hensiktsmessig med konkrete frister, for hvor snart en inngått kontrakt skal sendes til godkjenning.

Praksis i andre fylkeskommunar

Praksis i andre fylkeskommunar varierer. Vi har undersøkt med Hedmark og Rogaland, som begge har krav om godkjenning av kontrakt seinast ein månad etter start av læretida. Dersom kontrakten kjem inn seinare enn dette, vert ikkje kontrakten tilbakedatert meir enn ein månad, og lærlingen får godskrive praksis for dei resterande månadene. På denne måten misser ikkje ungdommen tid, men bedrifta vert straffa for sommel ved at kontraktstida vert kortare, og dei misser tilskot.

Overslag viser at i 2016 betalte Hordaland fylkeskommune ut ca 8,5 mill kr for læretid der kontrakten var meir enn 1,5 måned forseinka inn til fylkeskommunen. I 2015 var kostnaden rundt 7,7 mill kr.

Forslag til innsendingsfrist for Hordaland

Fagopplæringskontoret har tidlegare fått vurdert denne problemstillinga juridisk. Juristen skriv:

Her må vi for å komme vidare se litt hen til arbeidsmiljøloven, som gir en viss veiledning. Det fremgår av arbeidsmiljølovens § 14-5 at skriftlig arbeidsavtale skal foreligge snarest mulig, og senest innen en måned etter at arbeidsforholdet begynte. Seneste aksepterte frist i arbeidsmiljøloven for utarbeiding av arbeidsavtale er således 1 måned etter arbeidsforholdets begynnelse.

Forutsatt at bedriften så sender inn lærekontrakt til fylkeskommunen slik opplæringsloven krever, kan vi anta at det ved normal forsendelse og saksbehandlingstid ikke skal ta mer enn ytterligere 1 måned før lærekontrakten er godkjent.

Jeg mener derfor at vi på denne bakgrunn kan akseptere å datere kontrakter maksimalt 2 måneder tilbake i tid ved behandling av godkjenning. Datering til et tidligere tidspunkt enn dette synes for meg å innebære aksept av opprettelse av arbeidsavtale utenfor de rammer arbeidsmiljøloven fastsetter / senere innsending enn opplæringsloven fastsetter. Jeg understreker at dette er min frie vurdering av rettsstoffet, jeg har ikke kjennskap til "hjemmelen" for å benytte eksakt 2 måneder som ytre grense, men hjemmelen kan være vurdering som vist ovenfor. Men min oppfatning er altså følgende:

- *Senest 1 måned etter arbeidsforholdets begynnelse kan det lovlig inngås arbeidsavtale som viser tidligere starttidspunkt. Dette er en åpning for "antedatering" i arbeidsmiljøloven. "Antedatering" ut over 1 måned vil være i strid med loven.*
- *Innsending og saksbehandling – 1 måned.*
- = *Maksimal "antedatering" 2 måneder ved saksbehandling.*

Når jeg setter antedatering i anførselstegn er det for å illustrere at dette er en lovlig dateringsordning. Antedatering er i utgangspunktet ikke lovlig.

Jeg legger til at ytterligere tilbakedatering utover to måneder, kan få den konsekvens at flere bedrifter benytter muligheten for å gi lærlinger "prøvetid" før man bestemmer seg om læreforhold skal inngås. Prøvetid er som den klare hovedregel ikke tillatt, jf. oppl. § 4-5.

Fagopplæringskontoret ønskjer å endre praksis slik at alle lærekontraktar skal sendast til fagopplæringskontoret innan 2 – to månader etter at læretida starta. På lærekontraktar som ikkje er mottatt innan fristen, vil startdato for læretida bli sett til den dato vi mottar lærekontrakten, og ikkje den dato læreforholdet opphavleg starta. Det vil likevel bli gitt frådrag i læretida som yrkespraksis frå startdato til den dato lærekontrakten er mottatt hos oss.

Arkivnr: 2017/1553-3
Saksbehandlar: Anne Sara Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	12/17	09.03.2017
Utval for opplæring og helse	29/17	14.03.2017

Læretid i byggdriftarfaget etter fullført Vg2 Elenergi – unntaksordning for 2017**Samandrag**

I fleire år har det vore stor mismatch mellom søkjarar til læreplass med bakgrunn frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering og talet på tilgjengelege læreplassar i faga. Samstundes har det vore ledige læreplassar i byggdriftarfaget. I dette faget er det i mange bedrifter ein fordel med elektro-bakgrunn, sjølv om byggdriftarfaget ligg til utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk i strukturen for vidaregåande opplæring.

I 2016 innførte fagopplæringsssjefen ei unntaksordning der ungdom med Vg1 Elektro og Vg2 Elenergi fekk ekstra godskriving i læretida, altså kortare læretid enn det regelverket tilseier, om dei teikna lærekontrakt i byggdriftarfaget. Fagleg vart dette vurdert som forsvarleg, fordi læreplanane har fleire overlappende kompetansemål.

Det vil sannsynlegvis bli behov for nokre ekstraordinære tiltak også i år. Det vil derfor vere ein føremon om fjorårets ordning kan gjerast gjeldande også i år. Det vil også vere ein føremon om vi utvidar ordninga til å omfatte søkjarar frå Vg2 (evt Vg3) Automatikarfaget.

Forslag til vedtak

1. Unntaksordning med overgang frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering til lære i byggdriftarfaget gjeld for 2017
2. Vg1 Elektrofag blir godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt Vg3) Automatisering blir godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfaget vert dermed 2,5 år (30 mnd)
3. Lærebedrifta og lærlingen må vere samde i den avkorta læretida. Lærebedrifta må søkje om få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra. Fagopplæringskontoret gjer enkeltvedtak i saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.02.2017

Byggdriftarfaget er eit relativt nytt fag, læreplanen vart godkjend per 1.8.2014. Faget er eit særløp, og opplæringsløpet er Vg1 Bygg- og anleggsteknikk og deretter tre år i lære.

Ein byggdriftar driftar og held ved like bygg for oppvekst, omsorg, næring og bustader, for eksempel barnehagar, skolar, sjukeheimar, sjukehus, kontor- og industribygningar og bustadbygg. Byggdriftarfaget byggjer på og vidareutviklar vaktmeisteryrket.

Sentrale arbeidsområde er å

- gjere dagleg ettersyn av bygg og uteanlegg og utføre enkle reparasjonar og vedlikehald
- drifte lys-, ventilasjons-, varme- og kjøleanlegg og vass- og avløpsinstallasjonar
- ta seg av avfallssystem, alarmsystem og anlegg for brannvarsling og naudstraumsforsyning
- bruke program for forvaltning, drift og vedlikehald og sentral driftskontroll (FDV- og SD-program)
- gi primærhjelp ved heisstans
- drifte basseng- og fonteneanlegg og utføre legionellakontroll
- gi råd om val av tekniske installasjonar og anlegg

Fleire bedrifter og bransjar har ønske om å ta inn lærlingar i byggdriftarfaget med bakgrunn frå elektro, og ikkje frå bygg- og anleggsteknikk. Dette heng nok saman med at arbeidet som skal utførast i faget, er av ein slik art at det kan vere ein stor fordel med elektro-kunnskap.

Byggdriftarfaget går ut frå Vg1 Bygg- og anleggsteknikk, og deretter er det tre års læretid. For å bli elektrikar må ein gå Vg1 Elektrofag og Vg2 Elenergi, og deretter 2,5 år i lære. Det er ikkje kryssløp mellom desse utdanningane. Det er likevel ein del av kompetansemåla som er overlappende.

Fagopplæringssjefen gjorde i fjor vedtak om ei mellombels godskrivingssordning for byggdriftarfaget for ungdom med bakgrunn frå Vg1 Elektro og Vg2 Elenergi. Bakgrunnen var svært mange søkjarar til læreplass i elektrikarfaget, og at situasjonen i bransjen var slik at eit stor tal på søkjarar ville bli ståande utan læreplass i dette faget.

Ut frå ei totalvurdering, og i lys av læreplass-situasjonen, blei det derfor vedtatt ei midlertidig ordning for 2016, med ekstra godskriving i læretida for søkjarar som har fullført Vg2 Elenergi og som teikna lærekontrakt i byggdriftarfaget.

- Vg1 Elektrofag blei godskrive med 12 mnd og Vg2 Elenergi blei godskrive med 6 mnd. Læretida i byggdriftarfaget vart dermed 2,5 år (30 mnd) for desse lærlingane.
- Lærebedrifta og lærlingen måtte vere samde om den avkorta læretida. Lærebedrifta måtte søkje til fagopplæringskontoret om få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra.
- Fagopplæringskontoret gjorde enkeltvedtak i saka.

Etter talet på Vg2-elevar innan elektro som denne våren skal søkje læreplass, ser det i 2017 ut for at vi kan kome i ein liknande situasjon som i 2016 når det gjeld søkjarar til elektrikarfaget. Det er dermed ønskje om å også i år gi ekstra godskriving av læretida for søkjarar som kjem ut frå Vg2 elenergi.

I tillegg ser fylkesrådmannen at vi også i 2017 vil ha mange søkjarar til læreplass i automatiseringsfaget. Desse søkjarane går tre år i skulen (Vg1 elektrofag, Vg2 + Vg3 automatisering) før dei skal ha 1,5 år i lære. Læretida består berre av verdiskapingstid. Over fleire år har vi hatt mange søkjarar som ikkje har fått læreplass i dette faget. Desse har fått tilbod om å ta fagprøve etter bestått Vg3 for å få fullført opplæringa si.

Som for Vg2 Elenergi er det ein god del overlapp mellom kompetansemål for Vg2 Automatisering og læreplanen i byggdriftarfaget. Det kan derfor fagleg forsvarast at også ungdom med bakgrunn frå Vg2 Automatisering får tilsvarende unntak frå godskrivingssreglane som vi foreslår for søkjarane frå Vg2 Elenergi.

Vilkåra blir då som følgjer:

- Ordninga med overgang frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering til lære i byggdriftarfaget gjeld for 2017.
- Vg1 Elektrofag blir godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt Vg3) Automatisering blir godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfaget vert dermed 2,5 år (30 mnd).
- Lærebedrifta og lærlingen må vere samde i den avkorta læretida. Lærebedrifta må søkje om få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra.
- Fagopplæringskontoret gjer enkeltvedtak i saka.

Søknader skal sendast til Fagopplæringskontoret.



Arkivnr: 2017/1128-1
Saksbehandlar: Marit Virkesdal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		09.03.2017
Yrkesopplæringsnemnda	13/17	09.03.2017
Utval for opplæring og helse	30/17	14.03.2017
Fylkesutvalet		30.03.2017

Disponering av investeringsmidlar i opplæringssektoren 2017**Samandrag**

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 39,25 millionar i investeringsmidlar som vert fordelt, 5 millionar til planmidlar skulebruksplanen, 30 millionar til større undervisningsutstyr, og 4,25 mill som skal gå til utstyr på skular med yrkesfaglege studieretningar. Tabellen syner forslag til fordeling.

Kategori	Sum
Skulebruksplanen - planmidlar	5,00 mill kr
Utstyrsmidlar vidaregåande skular	17,78 mill kr
Utstyrsmidlar fagskular	1,52 mill kr
IT og telefoni	10,70 mill kr
Utstyrsmidlar yrkesfag	4,25 mill kr
Totalt	39,25 mill kr

Forslag til innstilling

Investeringsmidlar for 2017 til opplæringssektoren vert fordelt slik:

1. Skulebruksplanen – planmidlar 5,00 mill kr
 2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular 17,78 mill kr
 3. Utstyrsmidlar fagskular 1,52 mill kr
 4. IT og telefoni 10,70 mill kr
 5. Utstyrsmidlar yrkesfag 4,25 mill kr
- Totalt 39,25mill kr

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.02.2017

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 39,25 millionar kroner i investeringsmidlar som vert fordelt; 5 millionar som i budsjett 2017 er omtala som «Skulebruksplan - planmidlar» og 30 millionar som er omtala som «Større undervisningsutstyr», og dessutan ekstraløyvinga på 4,25 millionar kroner til å «Auke læremiddel/utstyr til dei vidaregåande skulane (yrkesfag søkbar pott)».

Dei siste åra har prosedyren vore at dei vidaregåande skulane og fagskulane som har trong for utstyr, søker opplæringsavdelinga om investeringsmidlar. Avdelinga vil i 2017 gå gjennom og vurdere mottekne søknader 2 gonger (i april og september). Søknadene vert vurdert mot generelt behov, krav i læreplanar og strukturelle endringar, til dømes nye utdanningstilbod.

Frå 2012 vart utstyrspotten i driftsbudsjettet som fylkesdirektør opplæring disponerte, kraftig redusert. Ein er difor no avhengig av å bruke investeringsmidlar for å kunne tildele midlar til dei utstyrsføremåla som skulane har behov for.

Skulane melder om eit stort etterslep og behov for investeringar i diverse utstyr. Typiske føremål for utstyrsinvesteringar dei siste åra har vore møblar og inventar, kjøp av transportmiddel, fornying av utstyr til ulike utdanningsprogram og diverse IT og telefoni. I 2016 summerte innmelde behov til opplæringsavdelinga knytt til investeringsmidlar seg til i overkant av 101 mill kr. Med strammare driftsbudsjett, er det forventa at behovet for investeringsmidlar er minst like høgt i 2017.

Skulebruksplan - planmidlar – 5 millionar kroner

Skulebruksplanen har plan for framdrifta av investeringane i opplæringssektoren, og i budsjett 2017 er det løyvd 5 mill til planlegging og koordinering av dette arbeidet. Eigedomsavdelinga vil i hovudsak disponere desse midlane til tidleg planlegging av nye prosjekt i tråd med plan for framdrift og investering i skulebruksplanen. Eventuelle utgifter opplæringsavdelinga vil ha til planlegging og analyse i samband med skulebruksplanen, vil i samråd med eigedomsavdelinga også bli dekkja av desse midlane.

Utstyrsmidlar til dei vidaregåande skulane – 17,78 millionar kroner

Inventar og utstyr vidaregåande skular

Av totalt innmeldt behov til opplæringsavdelinga på 101 mill kr i 2016, kom søknader tilsvarande 87 mill kr frå dei vidaregåande skulane. Ein forventar at det også i 2017 vil kome søknader på langt høgare beløp enn budsjettet. Fylkesdirektør opplæring vil difor i april og september prioritere mellom dei ulike skulane etter behov.

Vidareføring av investeringar frå 2016

Os vidaregåande skule fekk i 2016 tildelt 1,5 mill kr til innkjøp av ny buss. Denne leveransen vart forsinka og kunne ikkje leverast i 2016. Fylkesrådmannen ser det som tenleg å prioritere dette prosjektet i 2017.

Utstyr til nye og/eller rehabiliterte skular

Bergen katedralskole er under ombygging/rehabilitering. I samband med dette er det behov for å investere i nytt AV-utstyr og nye møblar. Det som ikkje vert dekkja inn av prosjektet, må prioriterast av opplæringsavdelinga sine investeringsmidlar til utstyr.

Ved ei eventuell flytting av Bergen katedralskole, avdeling Kyrre, må ein rekne med å bruke noko av opplæringsavdelinga sine investeringsmidlar til innkjøp av nødvendig utstyr til nye lokale.

Odda vidaregåande skule er under rehabilitering, og prosjektet vert truleg ferdigstilt tidleg i 2018. Skulen vil i denne samanheng ha behov for ein del nytt utstyr. Utgiftene til nytt AV-utstyr vil truleg kome i 2017, medan anna utstyr først vil bli kjøpt inn i 2018.

Arna vidaregåande skule er under rehabilitering og har i samband med dette behov for noko nytt utstyr både i 2017 og 2018.

Nokre skular starta nye utdanningsprogram hausten 2016. Frå hausten 2017 vil det derfor vere to kull på desse programma. Dette kan generere behov for noko ekstra utstyr.

Fylkesrådmannen ser det som tenleg å prioritere desse prosjekta i 2017.

Utstyrsmidlar fagskulane – 1,52 millionar kroner

Av investeringsbudsjettet til opplæringsavdelinga knytt til utstyr på 35 millionar blei det i 2015 tildelt 7 millionar til fagskulane. Dette utgjorde 20 % av budsjettet. I 2016 fekk fagskulane tildelt 5 millionar av opplæringsavdelinga sine 37 millionar knytt til investeringar. Dette utgjorde 13,5 % av budsjettet.

Fagskolen i Hordaland melder om behov for ytterlegare investeringar på totalt 7,52 millionar (jfr vedlegg). I 2017 vert det foreslått å tildele kr 1 520 000 til fagskulen. Dette er i tråd med kostnadsoverslaget på 4 av 5 investeringar skulen søker om. Den femte investeringa har ein kostnad på 6 millionar, og med tanke på det store investeringsbehovet ved dei vidaregåande skulane finn fylkesrådmannen ikkje at det er rom for å tildele Fagskolen i Hordaland meir enn 1,52 mill i 2017. Fagskolen i Hordaland vil i forkant av budsjetthandsaminga 2018 utarbeide ein investeringsplan.

IT og telefoni – 10,7 millionar kroner

I samarbeid med IT-seksjonen er det planar for investeringar i infrastruktur på skulane.

Switchar

Det er behov for å oppgradere «switchar» ute på skulane for å få bukt med flaskehalsproblematikken vi har på sambandet mellom skulane og HFK sentralt. Kapasitetsproblema skuldast auka bruk av «skytenester», og denne investeringa i «switchar» vil vere ei førebuing til å kunne ta i bruk IP-telefoni ute på skulane. Det vart investert 2 millionar i «switchar» i 2016, og i 2017 vil ein ha behov for ytterlegare 2 millionar til same føremål.

Aksesspunkt

For å sikre godt nettsamband ute på skulane er det behov for å investere i nye aksesspunkt. Nettaksesspunkta ute på skulane har ei levetid på fem år. Dei eksisterande aksesspunkta er på veg ut av marknaden og kan ikkje erstattast, men det vil vere support-tenester fram til 2020. Dette betyr at alle 2000 punkt må skiftast ut dei neste åra. Berekna totalkostnad er ca 10 mill kr. IT-seksjonen ynskjer å gjere denne utskiftinga over ein så kort tidsperiode som mogleg, men dei økonomiske rammene gjer at fylkesrådmannen rår til at ein budsjetterer med 3 mill kr til dette formålet i 2017, 5 millionar kr i 2018 og 2 mill kr i 2019.

Telefoni

I 2016 vart det løyvd 1 million kr til kjøp av IP-telefonar. Det er behov for ytterlegare investeringar knytt til telefoni på skulane. IT-seksjonen og opplæringsavdelinga vil i samarbeid sjå på kva løysing som er mest tenleg for blant anna å ivareta funksjonalitet knytt til autentisering av brukarar til aktuelle datasystem. Estimert kostnad er 0,5 mill kr i 2017.

Utskifting av lærar-PC-ar

Kvart år er det behov for å skifte ut om lag ein tredjedel av PC-ane til lærarane. I 2017 er planen å skifte ut i overkant av 800 PC'ar. Dette er tilsvarande som i 2016. Estimert kostnad er i overkant av 5,2 millionar.

Utstyrsmidlar til vidaregåande skular med yrkesfaglege studieretningar – 4,25 millionar kroner

I budsjett 2017 vart det vedteke å løyve 4,25 mill kr til læremidlar og utstyr til skular med yrkesfaglege studieretningar, og at dette skal vere ei søkbar ordning for skulane.

Når det vert sendt ut informasjon til skulane om søknadsfristar knytt til investeringsmidlar vil det bli presisert at dei må spesifisere i søknaden kva utdanningsprogram dei søker om investeringsmidlar til. Desse midlane vil så verte fordelt på skular med yrkesfaglege studieretningar ut ifrå behov.

Oppsummering:

Fylkesrådmannen rår til at midlane til investeringar i utstyr til opplæringssektoren vert fordelt slik:

Kategori	Sum
Skulebruksplanen - planmidlar	5,00 mill kr
Utstyrsmidlar vidaregåande skular	17,78 mill kr
Utstyrsmidlar fagskular	1,52 mill kr
IT og telefoni	10,70 mill kr
Utstyrsmidlar yrkesfag	4,25 mill kr
Totalt	39,25 mill kr



Arkivnr: 2015/11453-72
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		16.02.2017

Investeringsbehov ved Fagskolen i Hordaland 2017**Samandrag**

Utval for Opplæring og helse (OPHE) skal handsama sak om fordeling av investeringsmidlar ved vidaregåande skular og fagskular 14.03.2017. Det er Fylkesrådmannen som førebur saka til OPHE, og sak frå fagskulestyret om investeringsbehovet i 2017 vert derfor oversendt til fylkesadministrasjonen for vidare saksutgreiing.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre tilrår at Fylkesrådmannen handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Utval for opplæring og helse om fordeling av investeringsmidlar i 2017:

UTSTYR	UTDANNING	PRIS
Terco PST 2200 Power System Simulator Laboratory	Elkraft	6. 000.000
Mitsubishi Industrirobot med tilleggsutstyr	Elkraft Automatisering Maskin CNC og robotteknologi	520. 000
Utstyr til lydmålingar	Bygg Elkraft Automatisering	200.000
Tilleggsutstyr til landmåling	Bygg Anlegg	200.000
Oppgradering av boresimulator	Boring Undervannsinstallasjonar	600.000
SUM		7.520.000

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.02.2017

Utval for Opplæring og helse (OPHE) skal handsama sak om fordeling av investeringsmidlar ved vidaregåande skular og fagskular 14.03.2017. Det er Fylkesrådmannen som førebur saka for OPHE, og sak frå fagskulestyret om investeringsbehovet i 2017 vert derfor oversendt til fylkesadministrasjonen for vidare saksutgreiing. Denne saka vert såleis lagt som vedlegg til sak om fordeling av investeringsmidlar for vidaregåande skular og fagskular i 2017.

Fagskolen i Hordaland har følgjande investeringsbehov per 2017:

UTSTYR	UTDANNING	PRIS
Terco PST 2200 Power System Simulator Laboratory	Elkraft	6. 000.000
Mitsubishi Industrirobot med tilleggsutstyr	Elkraft Automatisering Maskin CNC og robotteknologi	520. 000
Utstyr til lydmålingar	Bygg Elkraft Automatisering	200.000
Tilleggsutstyr til landmåling	Bygg Anlegg	200.000
Oppgradering av boresimulator	Boring Undervannsinstallasjonar	600.000
SUM		7.520.000



Arkivnr: 2017/1584-1
Saksbehandlar: Anne Sara Svendsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	14/17	09.03.2017
Utval for opplæring og helse	31/17	14.03.2017

Obligatorisk introduksjonskurs for nye medlemsbedrifter i opplæringskontor

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i OPHE 14.5.2013, sak 34/13, der det vart fatta følgjande vedtak:

«Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til fagopplæringskontoret sitt program for obligatorisk opplæring av nye lærebedrifter:

1. Obligatorisk informasjonsmøte for bedrifter som ikkje er medlem i opplæringskontor før dei vert godkjende som lærebedrift
2. Obligatorisk instruktørkurs for alle faglege leiarar i løpet av første året etter at bedrifta er godkjent
3. Obligatorisk instruktørkurs for alle nye fagleiarar eller instruktørar som ikkje har gjennomført instruksjonskurs.»

Røynslene med obligatorisk opplæring har vore særst gode.

Opplæringsavdelinga skal arbeide for å få på plass «Eit heilskapleg system for *framtida*», som skal omfatte alle delar av vidaregåande opplæring, også fag- og yrkesopplæringa. I tiltaksplan for opplæringssektoren 2016 – 2019 er ein av hovudstrategiane:

Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå.

I strategiplan for fagopplæringskontoret er eitt av tiltaka for 2017 å: *Utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.*

I lys av dette ønskjer fagopplæringskontoret å sikre best mogleg at nødvendig informasjon kjem ut til bedriftene. Kravet om obligatorisk introduksjonskurs/informasjonsmøte knytt til søknaden om godkjenning bør derfor gjelde alle bedrifter.

Forslag til vedtak

1. Som eit ledd i arbeidet med å utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa, skal det vere eit krav at alle bedrifter som søker godkjenning som lærebedrift, skal gjennomføre introduksjonskurs før godkjenning vert gitt.

2. Introduksjonskurset kan gjennomførast som tradisjonelt kurs med personleg oppmøte, som e-læringskurs på nettet, eller om nødvendig ved at fagopplæringskontoret har møte med bedrifter enkeltvis.
3. Gjennomført introduksjonskurs blir dokumentert med kursbevis.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.02.2017

I møte 14.5.2013, sak 34/13, gjorde Utval for opplæring og helse følgjande vedtak:

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til fagopplæringskontoret sitt program for obligatorisk opplæring av nye lærebedrifter:

1. Obligatorisk informasjonsmøte for bedrifter som ikkje er medlem i opplæringskontor før dei vert godkjende som lærebedrift
2. Obligatorisk instruktørkurs for alle faglege leiarar i løpet av første året etter at bedrifta er godkjent
3. Obligatorisk instruktørkurs for alle nye fagleiarar eller instruktørar som ikkje har gjennomført instruksjonskurs tidlegare Yrkesopplæringsnemnda si tilråding følgjer saka.

Fagopplæringskontoret har i perioden som har gått etter vedtaket, følgd desse retningslinjene. Vi har to kurs som før:

- **Introduksjonskurs (informasjonsmøte)** for fagleg og/eller dagleg leiar i bedrifter som søker godkjenning som lærebedrift, sjå punkt 1 i OPHE sitt vedtak 14.5.13. Dette er obligatorisk for sjølvstendige bedrifter, blir arrangert ein gong i månaden på Fylkeshuset og varer rundt 1,5 time. Kurset/møtet fungerer som ein basis for det obligatoriske kurset som fagleg leiar må gjennomføre innan eit år.

I 2015 vart det laga ei digital utgåve av kurset slik at bedriftene kan velje å gjennomføre dette på nettet i staden for å møte opp fysisk hos fylkeskommunen. Nettkurset kan gjennomførast på ein liten time. Det er få som har møtt på kursa på fylkeshuset etter at e-læringskurset vart innført, rundt 25 personar deltok i 2016. 190 personar gjennomførte kurset på nettet i 2016, til saman 360 sidan dette vart tilgjengeleg i 2015.

- **Kurs for fagleg leiar og instruktør («instruktørkurs»)**, som skal gjennomførast innan eitt år etter at vedkomande er godkjend som fagleg leiar. Dette kurset vart utvikla i 2007-08 og vart i åra 2008-2014 arrangert som eit todagarskurs. Kurset vart i 2014 prøvd ut som eindagskurs. Evalueringane var gode, og kurset vart derfor lagt om frå to dagar (14 timar) til ein dag (8 timar).

Tilbakemeldingar frå bedrifter tilseier at det er lettare å få folk til å ta kurset når det kan gjennomførast på ein dag. Innhaldet i kurset er det same som før, men noko meir komprimert.

Vi har hatt stor aktivitet når det gjeld kursa for faglege leiarar og instruktørar, og kursa i 2016 rundt 920 personar fordelt på 42 kurs. Så lenge kurset gjekk over to dagar, låg deltakartalet på 500-600 personar i året.

Røynslene med obligatorisk opplæring har vore gode. Dei fleste gjennomfører opplæringa dei er pålagde, og tilbakemeldingane på innhaldet i kursa er gode. Arbeidet med kursa skal derfor halde fram med same styrke. Evalueringane tyder på at vi har funne ein modell som fungerer for bedriftene. Innhaldet i kursa vert justert etter som det er behov for dette, og kvaliteten på opplæringa vil få stort fokus framover.

I vedtaket i sak 34/13 vart medlemsbedrifter i opplæringskontor unntatt frå kravet til introduksjonskurs. Tanken bak dette var at opplæringskontora informerer sine nye lærebedrifter slik at det ikkje ville vere nødvendig at HFK gjorde dette i tillegg .

Fagopplæringskontoret har no eit ønske om at alle bedrifter vert handsama likt når det gjeld kravet til gjennomføring av kurs. Dette ser vi i lys av at arbeid med «Kvalitet i fag- og yrkesopplæringa» blir eit sentralt område i 2017 og åra framover, og fagopplæringskontoret meiner at vi betre kan sikre kvaliteten ved at det vert stilt same krav til alle. I det daglege ser vi også at det generelt er ein del mistydingar og mangel på grunnleggjande informasjon hjå ein del lærebedrifter. I verste fall fører dette til uheldige tilhøve

både i forhold til lærlingane og overfor Hordaland fylkeskommune. Det er derfor nødvendig å legge større vekt på kontakten med og informasjonen ut mot bedriftene.

Opplæringsavdelinga skal arbeide for å få på plass «Eit heilskapleg system for *framtida*», som skal omfatte alle delar av vidaregåande opplæring, også fag- og yrkesopplæringa. I tiltaksplan for opplæringssektoren 2016 – 2019 er ein av hovudstrategiane: *Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå.*

I strategiplan for fagopplæringskontoret er eitt av tiltaka for 2017 å: *Utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.*

I lys av dette ønskjer fagopplæringskontoret å sikre så godt som råd at nye lærebedrifter mottar den informasjon som fylkeskommunen meiner er viktig for bedrifta og komande lærlingar. Vi ser det derfor som ein føremon at alle bedrifter som søker godkjenning, gjennomfører introduksjonskurset, uavhengig av om dei er med i eit opplæringskontor eller ei.

Direkte kontakt med bedriftene er den viktigaste arenaen vi har for kommunikasjon og dialog mot faglege leiarar, daglege leiarar og instruktørar. Å møte desse i kurssamanheng er derfor verdifullt. Fagopplæringskontoret lærer meir om korleis bedriftene jobbar, og vi gir bedriftene eit namn og eit ansikt å kontakte dersom det dukkar opp problemstillingar i kvardagen med lærlingane. Vi vil framleis vere fleksible i høve til bedriftene sine behov, og er det vanskeleg for enkelte å kome på introduksjonskurs eller ta dette på nettet, er dei velkomne til eit eige møte med fagopplæringskontoret. Vi kan også ta turen til bedrifta,

I Hordaland er mange bedrifter med i opplæringskontor, nærare 70% av alle lærekontraktar er teikna med opplæringskontor. Eit utvida krav om introduksjonskurs vil derfor medføre at ein del fleire bedrifter må ta dette. I høve til kostnader vil eit slikt krav ikkje bety særleg mykje for opplæringsavdelinga. Kursa er allereie på timeplanen og har plass til fleire. Nettkurset genererer lite driftskostnader. Det som vil koste er i dei tilfella bedriftene har ønske om ein-til-ein-møte med fagopplæringskontoret. Tidlegare har få bede om dette, så vi meiner likevel at dette blir handterbart.

Innhaldet i kursa vert fortløpande vurdert og justert, i samarbeid med kurshaldarane.



Arkivsak 201202258-3
Arkivnr. 545
Saksh. Svendsen, Anne Sara

Saksgang	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	07.05.2013
Opplærings- og helseutvalet	14.05.2013

TILTAK FOR Å BETRE KVALITETEN I OPPLÆRING I BEDRIFT

SAMANDRAG

Frå nasjonalt hald er det stort fokus på å auke og utvikle kvaliteten innan fag- og yrkesopplæringa. Kunnskapsløftet har søkelys på kvalitet i eit heilskapleg opplæringsløp, både i skule og bedrift. Opplæringslova seier at lærebedriftene må kunne gi ei opplæring som tilfredsstillar lov og forskrift. Mellom anna skal bedrifta ha intern kvalitetssikring/kvalitetskontroll av opplæringa.

Fagopplæringskontoret har i dag to ulike opplæringstilbod til lærebedrifter; eit to-timars informasjonsmøte der målgruppa er dagleg leiar og fagleg leiar i heilt nye lærebedrifter, og eit to-dagars instruktør-kurs primært for fagleg leiar og instruktør. Opplæringa skal inspirere til auka bevisstheit om oppgåver, roller og ansvar for aktørane i fagopplæringa. Kursa famnar yrkesfaga generelt og legg vekt på sentrale tema i Kunnskapsløftet som læreplanforståing, vurderings- og rettleiingskompetanse, pluss dei viktigaste endringane i regelverk dei siste åra. Dette er i tråd med Utdanningsdirektoratet sine tankar om innhald i etterutdanning/kompetansehevingstiltak for faglege leiarar og instruktørar.

For å sikre at vi når alle lærebedrifter ønskjer vi å gjere opplæringa obligatorisk. Fagopplæringskontoret vil legge til rette for at opplæringa får ei utforming og blir lagt til tider som gjer det lettast mogleg for bedriftene å gjennomføre denne.

FORSLAG TIL INNSTILLING:

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til fagopplæringskontoret sitt program for obligatorisk opplæring av nye lærebedrifter:

1.	Obligatorisk informasjonsmøte for bedrifter som ikkje er medlem i opplæringskontor, før dei vert godkjende som lærebedrift
2.	Obligatorisk instruktørkurs for alle faglege leiarar i løpet av første året etter at bedrifta er godkjent

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein L. Heggheim
opplæringsdirektør

Vedlegg:

1. Utdrag frå Opplæringslova
2. Utdrag frå Utdanningspeilet 2012 – Kvalitetsutvikling i fag- og yrkesopplæringa
3. Stortingsmelding 20 (2012-2013) På rett vei, kapittel 7 Kvalitetsutvikling
4. Notat: Informasjonsmøte før godkjenning av nye lærebedrifter»

Bakgrunn

Frå nasjonalt hald er det stort fokus på å auke kvaliteten innan fag- og yrkesopplæringa, å få ei kvalitetsutvikling. Dette vonar ein å få til ved hjelp av tett dialog mellom dei ulike aktørane, dvs nasjonale myndigheiter, skuleeigarar, skular, opplæringskontor, lærebedrifter, elevar og lærlingar.

Kvalitetsvurdering skal vere ein del av læringsprosessen, og skal blant anna gi informasjon til den såkalla styringsdialogen.

Kunnskapsløftet har søkelys på kvalitet i eit heilskapleg opplæringsløp, både i skule og bedrift. Opplæringslova seier at ei lærebedrift må kunne gi ei opplæring som tilfredsstillar lov og forskrift, og mellom anna skal bedrifta ha intern kvalitetssikring av opplæringa (vedlegg 1).

I 2004 blei det etablert eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem (NKVS) for skulen med blant anna nasjonale prøver og Skoleporten. Skoleporten er eit verktøy som presenterer tal, statistikk og indikatorar om for eksempel ressursar, læringsresultat og læringsmiljø.

I 2009 vart det bestemt å vidareutvikle NKVS for også å dekke fagopplæringa i lærebedrifter. Målet med det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet er å kunne vurdere i kva grad opplæringsaktørane oppfyller målsettingane for opplæringa, og å identifisere område der kvaliteten kan forbetrast over tid (vedlegg 2).

Utdanningsdirektoratet har laga ein modell for kvalitetsvurderingssystemet:



Rett strukturkvalitet skaper føresetnader for rett prosesskvalitet som igjen skaper føresetnadene for rett resultatkvalitet. I modellen vil mellom anna den formelle kompetansen til lærarar og instruktørar ligge til strukturkvalitet, medan arbeidet med opplæringa (innhald og vurdering) vil sortere under prosesskvalitet.

Stortingsmelding 20 (2012-2013) *På rett vei*, som Kunnskapsdepartementet la fram i mars i år, har eit eige kapittel 7 om kvalitetsutvikling (vedlegg 3). Dette omhandlar også kvalitet i fag- og yrkesopplæringa. Kapitlet har hovudfokus på kvalitetsvurderingssystemet, nasjonale kompetanse- og utviklingstiltak, skuleeigar sin internkontroll og tilsyn med og rettleiing om lovverket.

Lokalt har Yrkesopplæringsnemnda som eit hovudmål i strategiplanen for perioden 2012-2015 å medverke til at opplæringstilbodet til lærlingane har god kvalitet, og at kvaliteten skal auke i yrkesopplæringa både i skule og i bedrift.

Fagopplæringskontoret skal arbeide for dette blant anna gjennom å satse på betre opplæring av instruktørar, faglege leiarar, daglege leiarar og yrkesfaglærarar.

Dette er i tråd med Kunnskapsløftet sitt fokus på kvalitet i opplæringa både i skule og i bedrift, og SRY sitt råd om å inkludere aktørane i den bedriftsbaserte opplæringa i ei varig ordning for kompetanseheving.

Opplæringstiltak for å betre kvaliteten i opplæring i bedrift

Informasjonsmøte - Opplæring av dagleg leiar og fagleg leiar i nye lærebedrifter

Fagopplæringskontoret har dei siste åra hatt tilbod om eit to-timars informasjonsmøte for nye lærebedrifter. Dagleg leiar og fagleg leiar vert invitert til å møte. Det er høve til å ta med lærlingen

dersom bedrifta ønskjer dette. Møta vert haldne ein gong i månaden, omlag 10 møte i året. Dersom det er vanskeleg for bedrifta å møte på kurset, får dei tilbod om å kome til eit eige møte med sakshandsamar.

Møta vart i starten gjort obligatoriske slik at bedrifta ikkje fikk godkjenning som lærebedrift før dei hadde deltatt på møtet. Dette vart så mjuka opp, med det resultat at deltakinga fall dramatisk. I møte 20. mars i fjor gjorde Yrkesopplæringsnemnda denne tilrådinga i samband med melding 2/12 *Informasjonsmøte for nye lærebedrifter* (vedlegg 4):

Yrkesopplæringsnemnda rår til at det vert innført obligatorisk oppmøte på informasjonsmøte for nye lærebedrifter. Fagopplæringskontoret skal vera på tilbodssida ved å tilby andre møtetidspunkt dersom det fast oppsette møtet ikkje passar for bedrifta. Det kan i enkelte tilfelle gjerast ei vurdering om at bedrifta sitt behov for informasjonsmøte ikkje er til stades. Dersom ikkje lærebedrifta har møtt til informasjonsmøte på Fagopplæringskontoret 2 månader etter at innkalling er sendt ut, kan søknad om å bli godkjent lærebedrift sendast i retur utan å bli handsama.

Fagopplæringskontoret ønskjer å halde fram praksisen med at ei bedrift som søker godkjenning som lærebedrift, i utgangspunktet må gjennomføre informasjonsmøtet før dei får godkjenning. Dette kravet skal gjelde sjølvstendige lærebedrifter, då medlemsbedrifter i opplæringskontor får mykje av denne informasjonen via opplæringskontoret.

Opplæring av instruktørar og faglege leiarar i lærebedrifter (instruktørkurs)

Fagopplæringskontoret har i mange år hatt tilbod om kurs til instruktørar og faglege leiarar. I 2008 vart kurset oppdatert og ein del endra, og sidan 2009 har 500-600 personar gjennomført kurset kvart år. Kurset er også ope for yrkesfaglærarar, men svært få lærarar har nytta seg av tilbodet.

Kurset er gratis, går over to dagar og følgjande emne vert gjennomgått:

- *Modul 1: Kommunikasjon mellom instruktør og lærling. Instruktøren som rettleiar.* (Å verta kjend med eiga handling gjennom refleksjon. Lærlingen sine føresetnader. Korleis verte ein god rettleiar? Taus kunnskap. Kommunikasjon er viktig for god rettleiing. Etikkk.)
- *Modul 2: Mottak av lærling* (Moment for mottaking av lærling / lærekandidat i lærebedrifta)
- *Modul 3: Bedrifta som opplæringsarena* (Ulike opplæringsløp. Lærlingen sine rettar og plikter. Bedrifta sine plikter.)
- *Modul 4: Planlegging, dokumentasjon og vurdering av opplæringa* (Ansvar for opplæring, praksis i eiga bedrift. Opplæringsplanar. Dokumentasjon /"Opplæringsbok" (annan dokumentasjon). Vurdering. Kva gjer ein når det ikkje går som planlagt?)
- *Modul 5: Fag-/sveineprøve og kompetanseprøve* (Ansvar for fag-/sveineprøva og kompetanseprøva. Planlegging og førebuing til fag-/sveineprøve og kompetanseprøve. Innhald og gjennomføring av fag-/sveineprøva. Særleg tilrettelegging av prøve)

Erfaringane med kursa er gode. Evalueringane frå deltakarane viser at eit stort fleirtal meiner kurset er nyttig som grunnlag i opplærings situasjonen.

Vi ser likevel at vi ikkje når alle bedrifter. Mange har sannsynlegvis problem med å prioritere kurs i ein travel kvardag, og kanskje særleg når kurset går over to dagar. Men innhaldet i kurset er veldig relevant når det gjeld å forbetre opplæringa av lærlingar i bedrift, og vi ser kurset som ein god veg å gå for å få lærebedriftene til å bli meir bevisste på korleis dei driv opplæring, og at dei får ønska struktur på opplæringa. Vi ønskjer derfor å gjere kurset obligatorisk for alle faglege leiarar i lærebedriftene. Godkjenninga til lærebedriftene i det enkelte lærefag er knytt til at dei har ein godkjent fagleg leiar, og

fagleg leiar har eit overordna ansvar for opplæringa. Fagleg leiar vil derfor vere sentral når det gjeld kvaliteten i opplæringa.

Fagopplæringskontoret ser at eit slikt krav kan vere ei ulempe for ei bedrift. Kunnskapsdepartementet seier også i kap. 7.2 *Kompetanse- og utviklingstiltak for en bedre opplæring* i Stortingsmelding 20 at «For å støtte opp om positive utviklingstrekk vil departementet videreføre og videreutvikle frivillige kompetanse- og utviklingstiltak for lærere, instruktører, skoleledere og skoleeiere. Departementet mener den overordnede føringen for kompetanse- og utviklingstiltak er å følge opp nasjonale mål, og å bidra til forbedring av praksis. Tiltakene må være relevante for skoleeierne, skolene og lærebedriftene, i klasserommet og i lærebedriftene, og for elevene og lærlingene.»

Departementet brukar her ordet frivillig. Sett i lys av fokuset på betre kvalitet i opplæringa meiner vi likevel at det vil vere eit godt tiltak å gjere opplæring av faglege leiarar obligatorisk. Instruktør-opplæringa må leggast opp så smidig som råd frå fagopplæringskontoret si side, slik at vi kjem bedriftene i møte når det gjeld tidspunkt for kurset, og slik at dei får god tid til å gjennomføre kurset. Gjennomføring av instruktørkurs vil dermed ikkje bli knytt til at bedrifta får godkjenning. Skulle bedrifta likevel ikkje stille på kurs må konsekvensen bli at fagopplæringskontoret vurderer å trekkje godkjenninga tilbake.

Opplæringa skal inspirere til auka bevisstheit om oppgåver, roller og ansvar for aktørane i fagopplæringa. Kursa famnar yrkesfaga generelt og legg vekt på sentrale tema i Kunnskapsløftet som læreplanforståing, vurderings- og rettleiingskompetanse, pluss dei viktigaste endringane i regelverk dei siste åra. Dette er i tråd med Utdanningsdirektoratet sine tankar om innhaldet i etterutdanning/ kompetanseheving av faglege leiarar og instruktørar.

Følgjande føresetnader bør leggast til grunn:

- Kravet om å gjennomføre opplæring blir tatt inn som ein del av godkjenningsprosedyren. Kravet til gjennomføring av instruktørkurs blir presisert i godkjenningsbrevet.
- Alle faglege leiarar må gjennomføre kurset.
- Bedrifta får eitt år på seg til å gjennomføre kurset etter at dei er godkjende som lærebedrift, eller etter skifte av fagleg leiar.
- Fagopplæringskontoret skal legge til rette for at kurstilbodet er tilpassa bedriftene sine behov når det gjeld gjennomføring. Det tyder at vi til dømes må vurdere kveldskurs og helgekurs i tillegg til kurs på dagtid dersom bedriftene har ønskje om dette.
- Fagopplæringskontoret ser på samanhengen mellom tema på informasjonsmøtet og tema på instruktørkurs, og koordinerer dette best mogleg.
- Kursa vert haldne på ulike stader i fylket, og fylkeskommunen tilbyr eit par kurs i månaden
- Kursa er gratis som tidlegare. Deltakarar som er påmeldt men ikkje møter og ikkje gir beskjed, får tilsendt ein faktura på 500 kr.

Oppsummering

Fagopplæringskontoret ønskjer å innføre obligatorisk opplæring for faglege leiarar i lærebedrifter.

Tiltak	Omfang i dag	Målgruppe	Obligatorisk for	Tema	Tidspunkt for gjennomføring
Informasjonsmøte	2 timar	Dagleg leiar Fagleg leiar	Fagleg leiar	Formelle rammer Rolle og ansvar	Før godkjenning vert gitt
Instruktørkurs	2 dagar	Fagleg leiar Instruktør Dagleg leiar	Fagleg leiar	Kommunikasjon Mottak av lærling Bedrifta som opplæringsarena Planlegging, dokumentasjon, vurdering Fag-/sveineprøve og kompetanseprøve	I løpet av eitt år etter at godkjenning er gitt



Arkivnr: 2017/1202-4

Saksbehandlar: Berit Nyland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	32/17	14.03.2017

Politisk Skuleval 2017

Samandrag

Dei politiske skulevala vert i år avvikla 4. og 5. september. Fylkesrådmannen vil leggje opp til ei ramme på skulane med både skuledebatt og valborg innanfor ein avgrensa tidsperiode. Administrasjonen planlegg gjennomføringa i samarbeid med dei politiske ungdomspartia og skulane.

Administrasjonen har ved tidlegare skuleval gitt tilråding om urneval i tråd med Utdanningsdirektoratet si tilråding, men erfaringar viser at ressursbruken knytt til trykking, pakking og utsending av røystesettlar til skulane er omfattande. I lys av dei gode tilbakemeldingane frå skular som har prøvd ordninga med e-val, meiner fylkesrådmannen at det er fleire omsyn som talar for at ein i Hordaland tilrår elektroniske val på skulane. Skular som ønskjer å halde fram med urneval, skal framleis kunne gjennomføre dette som vanleg.

Forslag til vedtak

1. Utval for opplæring- og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg for gjennomføring av politiske debattar og valborg ved dei vidaregåande skulane hausten 2017.
2. Utval for opplæring- og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg om å tilrå e-val framfor urneval ved skulevala 2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.02.2017

Innleiing:

Dei politiske skulevala vert i år avvikla 4. og 5. september. Valdatoane er tett opp til skulestart så det vert noko avgrensa tid til skulevalkamp. Fylkesrådmannen rår til at skulevalkampen tar til den 23.08. Det er opp til rektor å avgjere om det skal vere valkamp på skulen sitt område. Det er Utdanningsdirektoratet (UDIR) som har overordna ansvar for skulevala og som sender invitasjon om deltaking til skulane. Norsk Senter for Forskningsdata (NSD) er nasjonal arrangør og fagleg ansvarleg for gjennomføring og analysar. Fylkeskommunen koordinerer kontakt mellom skulane og dei politiske ungdomspartia for å sikre best mogleg logistikk rundt skuledebattar og valborg. Skulane organiserer skulevalet lokalt. Dei melder seg på og legg til rette for valdebatt og valborg på skulen.

Plan for tilrettelegging av skuledebatt og valborg hausten 2017

Fylkesrådmannen ser det som viktig at elevane vert engasjerte i politikk og finn det positivt at dei politiske ungdomspartia får høve til å markere seg på skulen sitt område under valkampen. Fylkesrådmannen vil leggje til rette for både debattar og valborg i forkant av skulevalet 2017. Ein legg opp til tett dialog med ungdomspartia og skulane. Administrasjonen vil leggje til rette for størst mogleg samlokalisering av debattar og valborg. Det vert planlagt regionvis organisering av debatt og valborg med fastsett dato og tid.

Valform: Urneval vs. Elektronisk val

UDIR rår skulane til å nytte urneval ved skulevala, men gjer og merksam på at det er mogleg å gjennomføre elektronisk val i kontrollerte omgjevnader. Ved skulevalet i 2015 blei det gjennomført elektronisk val ved 12 skular i Hordaland. Desse skulane har alt frå 2 til 16 års erfaringar med elektronisk valform. Det vart gjennomført ei evaluering av valforma ved desse skulane i 2015. Alle opplevde den elektroniske ordninga som meir praktisk og mindre ressurskrevjande enn urneval. Skulane peikar særleg på miljøsinn og den digitale utviklinga i samfunnet elles som årsaker til at dei har valt elektroniske val.

Til dei skulane som gjennomførte urneval, vart det pakka og sendt ut om lag 40000 røystesettlar. Til kvart skuleval sender administrasjonen ut mellom 40000 og 60000 røystesettlar. Skulane har som regel vanskar med å finne fram til nøyaktig behov for røystesettlar og bestiller derfor noko i overkant av reelt forbruk. Dette gjer at eit større tal med røystesettlar vert kasta.

NSD vart invitert til eit møte med administrasjonen for å drøfte erfaringane med dei ulike valformene. NSD viser til UDIR si tilråding om urneval som det styrande prinsipp for valordninga ved skulevala, men understrekar at det er opp til den einaskilde fylkeskommune om dei vil følgje tilrådinga. Administrasjonen har følgd UDIR si tilråding om urneval ved tidlegare skuleval, men erfarer at det går mykje tid og ressursar til å trykke, pakke og sende ut røystesettlar til skulane, i tillegg til at ein stor del av desse vert kasta. I lys av dei gode tilbakemeldingane frå skular som har prøvd ordninga med e-val, meiner fylkesrådmannen at det er fleire omsyn som talar for at ein i Hordaland bør tilrå elektroniske val på skulane. Skular som ønskjer å halde fram med urneval, skal fortsatt kunne gjennomføre dette som vanleg.



Arkivnr: 2017/1480-1

Saksbehandlar: Signe Sætre

Saksframlegg

Saksgang

<u>Utval</u>	<u>Saknr</u>	<u>Møtedato</u>
Yrkesopplæringsnemnda		09.03.2017
Utval for opplæring og helse		14.03.2017

Oppnemning av prøvenemnder

Samandrag

Arbeidet med prøvenemnder er ei svært viktig oppgåve for Hordaland fylkeskommune. Hordaland er eitt av dei største fagopplæringsfylka i landet og er heilt avhengig av at prøvenemndsarbeidet fungerer godt. Prøvenemndsmedlemmene gjer eit omfattande arbeid med gjennomføring av prøver, og det å ha ei god forankring i yrkesopplæringsnemnda av dette arbeidet er naudsynt, slik at verva opplevast som viktige, og at nemndsmedlemmer ikkje opplever det som problematisk mellom anna å få fri til å gjere jobben. Fagopplæringskontoret har ved dei siste to oppnemningane opplevd det vanskeleg å få medlemmer til dette vervet. Honorarsatsane for prøvenemndsarbeid har ikkje vore justert på fleire år. Hordaland har difor auka satsane frå 01.01.2017 i tråd med tilrådingar frå fylkesutdanningsseksjonane sitt kontaktutval.

Forslag til vedtak

1. Rutinar kring oppnemning vert lagt inn som ein del av arbeidet med tiltaksplanen for fagopplæringsområdet i 2017.
2. Rutineomtalen må innehalde kvalifikasjonskrav til medlemmer.
3. Arbeidet må også vise tydeleg framgangsmåte ved hovudoppnemningar og vedlikehald av prøvenemnder i perioden.
4. Fagopplæringskontoret lagar ei politisk sak på oppnemning som skal leverast hausten 2018. Saka skal innehalde rammer for arbeidet i 2019.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.02.2017

Arbeidet med prøvenemnder er ei svært viktig oppgåve for Hordaland fylkeskommune. I dei seinare åra har volumet på tal prøver overstige 3100 pr. år. Det er krevjande å handtere eit slikt omfattande volum. Kvart fjerde år vert det nemnt opp om lag 750 medlemmer til prøvenemndsarbeid i Hordaland, fordelt på om lag 100 fag. Nokre fag har liten aktivitet, medan det i andre fag er eit stort press på gjennomføring av prøver. Dei 25 største faga utgjer om lag 85% av produksjonen for prøvenemnder i Hordaland fylkeskommune. Samtidig registrerer fylkeskommunen ei minkande interesse for deltaking i nemndsarbeid. Nokon seier at det er for tidkrevjande, at dei ikkje får nok kompensert for arbeidet eller at dei opplever at krav til å utarbeide dokumentasjon gjer det vanskeleg.

Det å ha ei god forankring av arbeidet i yrkesopplæringsnemnda er viktig slik at verva vert opplevd både som viktige og slik at nemndsmedlemmer ikkje opplever det som problematisk å få fri til å gjere jobben. Dette er ikkje eit stort problem, men noko som vi registrerer frå tid til anna. Det at arbeidsgjevar-organisasjonane har eit eigarskap til prøvenemndene, gjer at desse spørsmåla kan løysast andre stader enn mellom prøvenemndsmedlem og arbeidsgjevar.

Det er naudsynt at dei partane som har underskrive samfunnskontrakten, har eit tydeleg eigarskap til oppnemning av nye prøvenemnder. Administrasjonen ser at dette varierer mellom fag og må i mange samanhengar arbeide noko ad hoc-prega i forhold til dette.

I ein e-post frå Virke datert 02.02.17 fekk administrasjonen melding om at så lenge dei ikkje hadde noko sete i yrkesopplæringsnemnda, kom dei ikkje til å engasjere seg i oppnemninga av prøvenemnder. Dette påverkar også oppnemninga av nemnder. Virke er ein stor aktør på arbeidsgjevarsida i statleg sektor.

Administrasjonen ser at det er trong for å stramme opp rutine noko i forhold til dei store partane i arbeidslivet. Ved førre oppnemning vart det sendt ut brev ikkje berre til partane, men også til dei underliggjande organisasjonane. Administrasjonen fekk melding om at LO og NHO ikkje kunne ta stilling til ei slik bestilling. Administrasjonen ser at dette var uheldig.

Fylkeskommunen er opptatt av at partane har eit tydelig eigarskap til oppnemninga, og er avhengig av at dei som tradisjonelt har gjort eit godt stykke arbeid for Hordaland fylkeskommune, også i framtida gjer det.



Arkivnr: 2015/9089-3
Saksbehandlar: Ragnhild Ravna Skjærvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	16/17	09.03.2017
Utval for opplæring og helse	34/17	14.03.2017

Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017**Samandrag**

Opplæringsavdelinga ved fagopplæringskontoret har utarbeidd ein tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland for 2017. Planen er i tråd med strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland. Tiltaka i planen for 2017 skal bidra til at vi når måla i strategiplanen for perioden 2016-2019.

Planen skal rullerast i samarbeid med yrkesopplæringsnemnda kvart år og leggjast fram for opplærings- og helseutvalet til orientering. Innhaldet i planen har vore oppe til diskusjon i møte i yrkesopplæringsnemnda 31. januar 2016. Medlemmene i nemnda har i tillegg kome med innspel til administrasjonen.

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017 til orientering. Tiltaksplanen vil prioritere:

- Arbeide med å auke opplæringskapasiteten i offentlege verksemder i tråd med tilrådingane til KS.
- Ferdigstille regional plan for kompetanse og arbeidskraft.
- Utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.
- Prosjekt: kartlegging av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland.
- Prosjekt: fleire ut i lære.
- Gjennomføre 40 dialogmøte med opplæringskontor.
- Gjennomføre 100 bedriftsbesøk.
- Utarbeide lokal samfunnskontrakt i Hordaland.
- Utarbeide handlingsplan mot mobbing.
- Gjennomføre observasjon under fag-/sveineprøvar i dei 25 største faga.
- Utarbeide rutinar for oppnemning av prøvenemnder.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.02.2017

Tiltaksplanen for 2017 er forankra i strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019, overordna strategiar for fylkeskommunen og opplæringsavdelinga. Opplærings- og helseutvalet slutta seg til strategiplanen for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019 i september 2015.

Fagopplæringskontoret har starta eit systematisk arbeid for å nå måla i strategiplanen. I 2016 blei det utarbeidd ein tiltaksplan som Utval for opplæring og helse slutta seg til i februar 2016. Planen for 2017 vidarefører arbeid frå 2016 samtidig som nye tiltak vil bli sett i verk. Innhaldet i planen har vore oppe til diskusjon i møte i yrkesopplæringsnemnda 31. januar 2016. Medlemmene i nemnda har i tillegg kome med innspel til administrasjonen.

Statistikk 2016

I 2016 vart det teikna 2230 nye lærlingkontraktar i Hordaland, og talet har aldri vore høgare. Det er ein auke på om lag 130 kontraktar frå 2015. Dette er ei gledeleg utvikling sett i høve til den aukande ledigheita og den mykje omtala krisa vi har i delar av arbeidslivet langs vestlandskysten. Det er ei vridning mot at det offentlege tar inn fleire lærlingar, og helsearbeidarfaget er for fyrste gong blitt det største faget i Hordaland. Inni desse 2230 nye kontraktane ligg det også 80 kontraktar teikna med personar med mål om grunnkompetanse som lærekandidat. Tal opplæringskontraktar har auka monaleg i 2016. Auken kan ha samanheng med opprettinga av opplæringskontoret for arbeidsmarknadsbedrifter i 2015.

Det vart godkjent 195 nye lærebedrifter i 2016. I samband med godkjenninga har 188 personar teke fagopplæringskontoret sitt nettbaserte kurs for nye lærebedrifter, og 25 personar har delteke på det same kurset i fylkeshuset. Det er gjennomført 42 kurs for fagleg leiar/instruktør med 923 deltakarar. 24 opplæringskontor deltok på dialogmøte med seksjonsleiar fagopplæring, og det er gjennomført 90 bedriftsbesøk. Det vart gjennomført 3110 fag-/sveineprøvar, og det blei gjennomført kurs for prøvenemnder i 55 fag.

Betre balanse

I 2016 har fylkeskommunen tilsett ein lærlingkoordinator som skal koordinere arbeidet med alle lærlingane i fylkesadministrasjonane og i fylkeskommunen sine verksemder. Det vert jobba systematisk med å auke talet på lærekontraktar i eigen organisasjon, og ambisjonen om 80 løpande kontraktar ligg fast.

Fagopplæringskontoret har delteke i arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft, og planen skal opp til behandling i fylkestinget hausten 2017. Fagopplæringskontoret har leia arbeidet med dimensjonering av utdanningar, som er eit kapittel i planen. Fokus på arbeidslivet sin trong for kompetanse og arbeidskraft vert tydeleg vektlagt i forhold til dimensjonering. Fagopplæringskontoret vil vidareføre arbeidet med å auke opplæringskapasiteten i offentlege verksemder. I samband med dette er det planlagt ei samling med yrkesopplæringsnemnda og kommunane.

Kvalitet i fagopplæring

Vi skal vere ein pådrivar for å utvikle ei opplæring i bedrift som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som gir arbeidslivet relevant kompetanse. I arbeidet med å nå måla gitt i strategiplanen må vi sjå heile det 4-årige løpet under eitt. Ei av årsakene til at ungdom ikkje fullfører opplæringa, er at dei ikkje får seg lære plass. Årsakene til dette er samansette, og det finst inga enkel løysing. Vi skal utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.

For å sette i gang tiltak treng vi kunnskap for å kunne ta viktige vegval. Handelshøgskolen BI har fått i oppdrag å gjennomføre eit prosjekt der dei skal kartleggje fag- og yrkesopplæringa i Hordaland. På bakgrunn av resultatata skal dei utvikle eit pilotprosjekt som skal gjennomførast på to utvalde skular. Prosjektet skal ha form av eit intervensjonsprosjekt, der BI skal styre mykje av piloten. Dette arbeidet vil ha nasjonal betydning og har allereie vekt nasjonal merksemd. Prosjektet omfattar nokre av dei mest erfarne forskarane frå BI og vert leia av professor Johan From.

Samstundes har vi og sett i gang prosjektet «fleire ut i lære», som er ei politisk bestilling vedtatt i fylkestinget i juni 2016. Det er 5 vidaregåande skular med i prosjektet, og fagopplæringskontoret har prosjektleiaransvar. Det vil bli tilsett 5 yrkesfaglege koordinatarar som blant anna skal arbeide med overgangen frå skule til lære plass. Systematisk arbeid med overgangane og tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv vil gje ei meir føreseieleg utdanning for ungdommane.

Prøvenemndene er eit viktig ledd i kvalitetssikringsarbeidet. Dei skal sikre at kandidatane som består fag-/sveineprøva innehar den kompetansen som arbeidslivet forventar av ein fagarbeidar. Vi vil observere gjennomføring av prøva i dei 25 største faga. Kunnskapen vil vi bruke til kvalitetssikring av avvikling av prøvene og opplæring av prøvenemndene. Vi skal også utvikle betre rutinar for oppnemning av prøvenemnder.

Samarbeid med partane

Auka gjennomføring er òg avhengig av tett samarbeid med arbeidslivet. Samfunnsoppdraget vårt er å arbeide for at opplæringa skal gje kompetanse som kvalifiserer til framtidig arbeid eller utdanning. Vi vil i 2017 starte arbeidet med ein lokal samfunnskontrakt for Hordaland. Samarbeidet mellom partane i arbeidslivet og det offentlege vil stå sentralt i dette arbeidet. Utan eit godt fungerande trepartssamarbeid greier vi ikkje å bygge ei heilheitleg fireårig utdanning. Det er eit mål å auke graden av gjensidig forplikting mellom partane. Fylkeskommunen vidarefører også aksjon lærebedrift, som er eit samarbeid mellom to av partane (NHO og LO) og Hordaland fylkeskommune.

Læringsmiljø

I arbeidet med auka fullføring vil innhaldet i opplæringa og læringsmiljøet vere ein viktig faktor for å sikre at ungdom i utdanning ikkje fell frå. Lærlingundersøkinga vil vere ei viktig kunnskapskjelde i dette arbeidet. I komande periode vil vi kartlegge korleis opplæringa til lærlingen vert dokumentert og undersøkje kva verdi dette har for bedrifta og lærlingen.

Lærlingane i Hordaland rapporterer i lærlingundersøkinga at dei stort sett ikkje har lagt merke til mobbing eller samarbeidsproblem på arbeidsplassen. Det er likevel 25 av 1459 lærlingar som svarar at dei er blitt mobba på arbeidsplassen kvar veke i 2016. Ein lærling som blir mobba, er ein for mykje. Svarprosenten på undersøkinga er 60%, og vi kan av den grunn rekne med at tilhøve som har med mobbing å gjere, er underrapportert. Regjeringa la 15. februar i år fram plan om nulltoleranse mot mobbing, og det er naturleg at dette vert følgt opp i alle deler av opplæringssystemet. Vi vil utarbeide ein handlingsplan mot mobbing i tett samarbeid med mobbeombodet og elev- og lærlingombodet.

Tiltaksplan 2017

- Arbeide med å auke opplæringskapasiteten i offentlege verksemdar i tråd med tilrådingane til KS.
- Ferdigstille regional plan for kompetanse og arbeidskraft.
- Utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.
- Prosjekt: kartlegging av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland.
- Prosjekt: fleire ut i lære.
- Gjennomføre 40 dialogmøte med opplæringskontor.
- Gjennomføre 100 bedriftsbesøk.
- Utarbeide lokal samfunnskontrakt i Hordaland.
- Utarbeide handlingsplan mot mobbing.
- Gjennomføre observasjon under fag-/sveineprøvar i dei 25 største faga.
- Utarbeide rutinar for oppnemning av prøvenemnder.

PS 35/17 Ymse